



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Kvitvaskingslova i teori og praksis

- Ei kvalitativ undersøking av rekneskapsførarar sine kundetiltak

The Money Laundering Act in theory and practice

- A qualitative study of the accountants' customer due diligence

Trine Husdal og Maria Schønning Vigdal

Bachelor i økonomi og administrasjon

Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap

Institutt for økonomi og administrasjon, Campus Sogndal

Rettleiar Jon Arve Hatlevoll

11. mai 2020

Vi stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Abstract

In 2018, a new Money Laundering Act was introduced in Norway, and in December 2019, the Financial Supervisory Authority published a guideline on how accountants should comply with the law. The purpose of this bachelor thesis is to clarify the duty of accountants to conduct the costumers due diligence under the Money Laundering Act.

The research question is therefore: What costumers´ due diligence should accountants carry out according to the Money Laundering Act, and what is done in practice? Additionally, this thesis will aim to answer which accountants does the customer due diligence and whether there is a difference in the attitude, as well as the execution, of the customer due diligence between urban and rural areas.

In the endeavor to answer these questions the qualitative research method of in-depth interviews will be applied, and legal method to clarify the content of the Money Laundering Act.

Samandrag

I 2018 kom det ei ny kvitvaskingslov, og i desember 2019 publiserte Finanstilsynet ei rettleiing om korleis rekneskapsførarar skal etterleva lovverket. Føremålet med denne bacheloroppgåva er å avklare plikta som rekneskapsførarar har til å gjennomføre kundetiltak etter kvitvaskingslova.

Forskingsspørsmålet i oppgåva er difor: Kva kundetiltak skal rekneskapsførarar utføre etter kvitvaskingslova, og kva blir gjort i praksis? Vidare har oppgåva følgjande delspørsmål:

- 1) Kva for rekneskapsførar gjennomfører kundetiltak?
- 2) Er det ein forskjell i haldning og utføring av kundetiltak i by og bygd?

For å undersøke dette problemet, er det nytta kvalitativ forskingsmetode med djupneintervju for å sjå korleis lova blir følgd i praksis, og juridisk metode for å avklare innhaldet i kvitvaskingslova (2018).

Forord

Denne bacheloroppgåva markerar slutten på vår bachelorgrad i økonomi og administrasjon, med fordjuping i rekneskap ved Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal.

Det gjekk ikkje lang tid før vi var einige om å ha kvitvaskingslova som tema. Det er eit aktuelt tema som vi begge er interesserte i. Dette er eit samarbeid som vi er stolte av, og det har gitt oss ei større forståing av rekneskapsførarar si plikt til å gjennomføre kundetiltak etter kvitvaskingslova, korleis det skal gjerast og kva utfordringar det eventuelt kan innebere.

Vi ønskjer å takke alle som har hjulpt oss i arbeidet med oppgåva. Rettleiaren vår, Jon Arve Hatlevoll, må sjølvstakke for god rettleiing og tilgjengelegheit. Vi må også takke alle rekneskapsførarselskapa og Regnskap Norge som har stilt til intervju. Det at informantane har vore engasjerte og vist interesse for oppgåva vår, har vore motiverande for oss.

Sogndal, mai 2020.

Innholdsliste

ABSTRACT	2
SAMANDRAG	2
FORORD	3
1 INNLEIING	6
1.1 VAL AV TEMA.....	6
1.2 FØRSKINGSSPØRSMÅL.....	7
1.3 AVGRENSING AV OPPGÅVA.....	7
1.4 OPPGÅVAS OPPBYGGING.....	8
2 TEORI OG OMGREPSAVKLARINGAR	8
2.1 KVITVASKING.....	8
2.2 AUTORISERTE REKNESKAPSFØRARAR OG REKNESKAPSFØRARSELSKAP.....	10
2.3 KVITVASKINGSANSVARLEG OG ETTERLEVINGSANSVARLEG.....	11
2.4 KUNDETILTAK OG NÆRLEIK TIL KUNDEN.....	12
2.5 MYNDIGHEITER KNYTT TIL KVITVASKINGSLOVA.....	13
2.5.1 <i>Financial Action Task Force (FATF)</i>	13
2.5.2 <i>Den europeiske union (EU) og det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS)</i>	14
2.5.3 <i>Finanstilsynet</i>	14
2.6 BAKGRUNN FOR NY KVITVASKINGSLOV.....	15
3 METODE	16
3.1 FORSKINGSDESIGN.....	16
3.2 KVALITATIV OG KVANTITATIV METODE.....	17
3.3 JURIDISK METODE.....	18
3.4 DATAINNSAMLING.....	19
3.5 UNDERSØKINGAS KVALITET OG ETISKE VURDERINGAR.....	19
3.6 VAL AV INFORMANTAR.....	21
3.7 METODEKRITIKK.....	22
4 PRESENTASJON AV EMPIRI	23
4.1 KVA FOR KUNDETILTAK SKAL GJENNOMFØRAST, OG KVA BLIR GJORT?.....	23
4.1.1 <i>Kundetiltak når kunden er ein fysisk person – kvitvaskingslova § 12</i>	25
4.1.2 <i>Kundetiltak når kunden er ein juridisk person – kvitvaskingslova § 13</i>	27
4.1.3 <i>Forenkla og forsterka kundetiltak – kvitvaskingslova §§ 16 og 17</i>	29
4.1.4 <i>Løpande oppfølging av kundeforhold – kvitvaskingslova § 24</i>	32
4.2 KVEN ER DET SOM GJENNOMFØRER KUNDETILTAK?.....	34
4.3 ER DET FORSKJELL I HALDNING OG UTFØRING AV KUNDETILTAK I BY OG BYGD?.....	36
4.4 OPPSUMMERING.....	40
5 DRØFTING	43
5.1 KVA FOR KUNDETILTAK SKAL GJENNOMFØRAST, OG KVA BLIR GJORT?.....	43
5.1.1 <i>Forenkla og forsterka kundetiltak</i>	44
5.1.2 <i>Løpande oppfølging av kundeforhold</i>	45

5.2	KVEN ER DET SOM GJENNOMFØRER KUNDETILTAK?	46
5.3	ER DET EIN FORSKJELL I HALDNING OG UTFØRING AV KUNDETILTAK I BY OG BYGD?	46
6	OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	48
6.1	KVA FOR KUNDETILTAK SKAL REKNEKAPSFØRAR UTFØRE ETTER KVITVASKINGSLOVA, OG KVA BLIR GJORT I PRAKSIS?	48
6.2	KVA FOR REKNEKAPSFØRARAR GJENNOMFØRER KUNDETILTAK?	49
6.3	ER DET EIN FORSKJELL I HALDNING OG UTFØRING AV KUNDETILTAK I BY OG BYGD?	50
6.4	TIL VIDARE FORSKING	51
7	LITTERATURLISTE	52
7.1	LITTERATUR INKLUDERT LOVFORARBEID	52
7.2	LOVER OG FORSKRIFTER	55
8	VEDLEGG	55
8.1	VEDLEGG 1 INTERVJUGUIDE	55
8.2	VEDLEGG 2 INFORMASJONSSKRIV	63

1 Innleiing

1.1 Val av tema

Kvitvasking er metodar for å sikre utbyte frå straffbare handlingar, der ein skjuler kvar midlane blir av eller kven som rår over utbyte, eller ein dekkjar over det ulovlege opphavet til inntekter eller eigedelar (Økokrim, 2019). Kvitvasking inneberer at inntektene eller eigedelane må integrerast i den legale økonomien, slik at dei kriminelle kan nytte seg av desse utan å vekke mistanke (Økokrim, 2019). Meir kompliserte og organiserte metodar for kvitvasking gjer at dette er eit alvorleg samfunnsproblem (Finanstilsynet og Økokrim, u.å.a). Kvitvasking kan skade enkelte verksemder og bransjar sitt omdøme, true stabiliteten i finanssystemet, oppmuntre til å fortsetje med kriminalitet og ramme enkeltpersonar indirekte (Finanstilsynet og Økokrim, u.å.a.).

I Finanstilsynet si siste risikovurdering av kvitvasking og terrorfinansiering, blei det vurdert at rekneskapsførarar har medium låg risiko for å bli nytta til kvitvasking og terrorfinansiering (Finanstilsynet, 2019, s. 17). Desse risikovurderingane er grunnlaget for Finanstilsynet sine risikobaserte tilsyn, og det blir gjort ei risikoklassifisering av dei rapporteringspliktige for utveljing og prioritering av tilsynsobjekt (Finanstilsynet, 2019, s. 3). I vurderinga går det fram at sårbarheita mellom anna er avhengig av storleiken på rekneskapsførarselskapet, der mindre selskap og enkeltpersonføretak som ikkje er del av eit nettverk, er meir sårbare for å bli nytta enn større selskap som er del av eit nettverk eller på anna måte meir profesjonelt drive. Likevel er store rekneskapsførarselskap som inngår i eit internasjonalt nettverk, meir sårbare for å bli involvert i eit multinasjonalt kvitvaskingsopplegg (Finanstilsynet, 2019, s. 17). Risikoen er også knytt til rekneskapsføraren sin profesjonalitet og kompetanse ved utarbeiding og etterleving av gode rutinar og retningslinjer, samt utføring av oppdrag i samsvar med kvitvaskingslovgivinga. Rekneskapsførarar kan bidra til at underliggende straffbare forhold blir skjult bak tillita som allmenta har til rekneskapsførarar ved manglande vurderingar og merksemd på kvitvaskingslovgivinga (Finanstilsynet, 2019, s. 17). Tenester som rekneskapsførarar tilbyr er også godt eigna til å førebygge og avdekke utbyte frå straffbare handlingar (kvitvasking), samt terrorfinansiering. Rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap spelar difor viktige roller i kampen for å beskytte det finansielle og økonomiske systemet, og samfunnet som heilheit (Finanstilsynet, 2020, s. 4). For oss som er framtidige rekneskapsførarar, er det viktig å vite korleis vi kan motarbeide økonomisk og organisert kriminalitet, ved å kjempe imot og førebygge kvitvasking.

Gjeldande kvitvaskingslov blei sett i kraft 15. oktober 2018. Finanstilsynet publiserte 23. desember 2019 ei rettleiing om rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap si etterleving av kvitvaskingsregelverket. Det vart også kjent at Finanstilsynet skulle gjennomføre temakontroll og stadleg tilsyn hjå rekneskapsførarføretak i byrjinga av 2020, for å kontrollere etterlevinga av pliktene (Regnskap Norge, 2019). Vi har valt kvitvaskingslova (2018) som tema for denne bacheloroppgåva fordi det er tidsaktuelt og viktig. I denne oppgåva skal vi sjå på kva rekneskapsførarar skal gjennomføre av kundetiltak etter kvitvaskingslova (2018), og korleis dette blir utført i praksis.

1.2 Forskingsspørsmål

I denne oppgåva er forskingsspørsmålet følgjande:

Kva for kundetiltak skal rekneskapsførarar utføre etter kvitvaskingslova, og kva blir gjort i praksis?

Vidare har forskingsspørsmålet to delspørsmål:

- 1) Kva for rekneskapsførarar gjennomfører kundetiltak ?
- 2) Er det ein forskjell i haldning og utføring av kundetiltak i by og bygd ?

1.3 Avgrensing av oppgåva

Vi har valt å avgrense oppgåva vår til kvitvasking, sjølv om lova omfattar både kvitvasking og terrorfinansiering. Terrorfinansiering vil berre bli nemnd når vi omtalar lovtittelen, og vi vil ikkje utdjupe noko meir om kva det inneberer.

Som tittelen syner, vil vi berre gå inn på rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap sine plikter etter lova. I kvitvaskingslova (2018) § 4 går det fram kva for juridiske og fysiske personar lova gjeld for, til dømes bankar, føretak som driv valutaverksemd, forsikringsføretak, advokatar og eigedomsmeklarar. Denne avgrensinga kjem av at vi hovudsakleg ønskjer kunnskap om kva plikter rekneskapsførarar har, ettersom det er eit mogleg framtidig yrke for oss.

I denne oppgåva skal vi sjå på plikta som rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap har til å gjennomføre kundetiltak etter kvitvaskingslova (2018). Rekneskapsførarar og

rekneskapsførarselskap er også omfatta av andre plikter som undersøkingssplikt, opplysningsplikt og rapporteringsplikt. Her fokuserer vi berre på plikta til å gjennomføre kundetiltak, og utdjupar ikkje noko meir om kva dei andre pliktene går ut på.

1.4 Oppgåvas oppbygging

Vi ønskjer her å presentere oppgåva si oppbygging. Denne bacheloroppgåva består av seks kapittel, samt litteraturliste og vedlegg. Kapittel 1 er innleiing, der vi grunngir val av tema og presenterer forskingsspørsmåla våre. Vi forklarar også avgrensingar og strukturen i oppgåva.

Kapittel 2 består av teori og omgrepsavklaringar, som også blir brukt i analysedelen av oppgåva. Vi startar med å gjere greie for omgrepet kvitvasking. Det kjem også omgrepsavklaringar av andre omgrep som blir brukt i oppgåva. I forhold til forskingsspørsmåla, blir også kundetiltak, nærleik til kunde, og autoriserte rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap beskrive i dette kapittelet. Desse punkta blir utdjupa i analysedelen i oppgåva. Vi ser det som føremålstenleg å forklare bakgrunnen for den nye kvitvaskingslova, og dermed også sentrale myndigheiter knytt til kvitvaskingslova. Meininga er at teoridelen skal gi lesaren ein teoretisk bakgrunn som den kan ta med seg vidare i oppgåva.

Den samfunnsvitskaplege metoden blir presentert i kapittel 3. Her startar vi med å gjere greie for forskingsdesign og presenterer kva for metode vi har nytta, samt korleis vi har arbeida med oppgåva. Vi vurderer også undersøkingas kvalitet, presenterer og grunngir valet av informantar, og kjem til slutt med metodekritikk.

I kapittel 4 vil vi presentere sekundærdata, som i hovudsak er juridisk teori, samt primærdata som vi har henta inn gjennom djupneintervju. I kapittel 5 blir funna i kapittel 4 drøfta, og vi kjem med eigne meiningar rundt desse. Kapittel 6 er eit mindre kapittel med oppsummering og konklusjon.

2 Teori og omgrepsavklaringar

2.1 Kvitvasking

Den oppheva kvitvaskingslova (2009) har ikkje noko definisjon av kvitvasking, og omgrepet blir berre nytta i føremålsavklaringa i § 1 og forskriftsheimlane §§ 3 andre ledd og 18. Det blei

difor ikkje rekna som hensiktsmessig å lovfeste ein definisjon av “kvitvasking” (Finansdepartementet, 2008, s. 21). Kvitvaskingslova (2009) § 1 viser til straffelova (2005) §§ 332 til 340 som definerer heleri og kvitvasking.

Lovutvalet som skulle greie ut om endringar i kvitvaskingsregelverket vurderte det som hensiktsmessig at omgrepet “kvitvasking” skulle definerast i den nye lova. Bruken av omgrepet er gunstig for å implementere EUs fjerde kvitvaskingsdirektiv sine forpliktingar på ein mest mogleg presis måte (NOU 2016:27, s. 27). Konsekvent bruk av kvitvasking som rettsleg koplingsomgrep gjennom heile lova vil i følgje utvalet gi nødvendig klarheit og presisjon (NOU 2016:27, s. 28). Kvitvaskingslova (2018) § 2 første ledd bokstav a definerer kvitvasking som «handling skildra i straffelova § 332 og § 337». Straffelova (2005) § 332 definerer heleri, medan § 337 definerer kvitvasking.

Heleri blir i straffelova (2005) § 332 første ledd definert som å ta imot eller skaffe seg eller andre del i utbyte av ei straffbar handling. Her blir også ein gjenstand, fordring eller teneste som trår i staden, likestilt med utbyte. Eksempel på noko som er likestilt med å ta imot eller skaffe andre del i utbyte, er å ta imot eller skaffe andre ein gjenstand som er kjøpt for utbytet ved ei straffbar handling (Matningsdal, 2019, note 2154). Det kan til dømes vere å ta imot eller skaffe andre ein bil eller kunst, som er kjøpt med ulovleg erverva midlar. I straffelova (2005) § 337 andre ledd om kvitvasking finn vi det same vilkåret om at gjenstand, fordring eller tenester som trår i staden, er likestilt med utbyte. Det same gjeld difor kvitvasking, ein kan utføre kvitvaskingshandlingar i forhold til surrogatet av det opphavlege utbytet (Matningsdal, 2019, note 2186).

Kvitvasking blir i straffelova (2005) § 337 første ledd definert som:

a) å yte bistand til å sikre utbyte av ei straffbar handling for ein annan ved for eksempel å krevje inn, oppbevare, skjule, transportere, sende, overføre, konvertere, avhende, pantsette eller investere det, eller

b) å konvertere eller overføre formuegodar eller på annan måte skjule eller dekke over kvar utbytet av ei straffbar handling han sjølv har utført, oppheld seg, stammar frå, kven som rår over det, utbytets bevegelsar, eller rettigheiter som er knytt til det.

Bokstav a rettar seg mot å yte bistand til andre, såkalla kvitvasking eller “money-laundering”, medan bokstav b rettar seg mot kvitvasking av eigne utførte straffbare handlingar, såkalla sjølvvasking eller “self-laundering” (Kristoffersen, 2014, s. 444).

Kvitvaskingslova (2018) og straffelova (2005) sine definisjonar av kvitvasking er noko ulike, ettersom kvitvaskingslova (2018) sin definisjon omfattar både kvitvasking og heleri. Dette er i samsvar med EUs fjerde kvitvaskingsdirektiv sin definisjon av “money laundering” i artikkel 1 nr. 3 (NOU 2016:27, s. 24). Definisjonen i direktivet omfattar det som blir karakterisert som heleri i straffelova (2005) § 332 og kvitvasking i § 337 (EU, 2015, s. 11). Direktivets definisjon er sentral i lovutvalet si vurdering av definisjonen av kvitvasking i andre delutgreiing til kvitvaskingslova (2018) (NOU 2016:27, s. 27). Vidare i oppgåva vil vi nytte kvitvaskingslova (2018) sin definisjon av kvitvasking.

2.2 Autoriserte rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap

Etter rekneskapsførarlova (1993) § 1 er “autorisert rekneskapsfører” ei yrkesnemning for rekneskapsførarar som er autorisert av Finanstilsynet. “Rekneskapsfører” er ikkje ei beskytta yrkesnemning - det er ein kvar person som utfører oppgåver på rekneskapsføraroppdraget, både oppdragsansvarleg rekneskapsfører og medarbeidarar, i følgje Standard for god rekneskapsføringsskikk (GRFS) punkt 1.2.2. Etter rekneskapsførarlova (1993) § 6 andre ledd og GRFS punkt 1.2.2 skal rekneskapsførarselskapet velje ein autorisert rekneskapsfører som er ansvarleg for kvart oppdrag, altså ein oppdragsansvarleg. Den som er oppdragsansvarleg, har det løpande ansvaret for rekneskapsføraroppdraget og skal til ei kvar tid sjå til at arbeidet held føresett kvalitet (Opsahl, 2020, note 32). Autoriserte rekneskapsførarar som ikkje har oppdragsansvar, er etter rekneskapsførarlova (1993) § 2 andre ledd og GRFS punkt 1.2.2 likevel ansvarlege for at eige arbeid blir utført ordentleg, i samsvar med oppdragsavtalen og avgjerder gitt i eller i medhald av lov.

Etter rekneskapsførarlova (1993) § 6 og GRFS punkt 1.2.2 er rekneskapsførarselskap selskap som i næring fører rekneskap for andre, og vilkåra for autorisasjon kjem fram i § 6. Autoriserte rekneskapsførarselskap skal mellom anna ha ein autorisert rekneskapsfører som dagleg leiar, og ha fast kontorstad i Noreg, jf. rekneskapsførarlova (1993) § 6 første ledd nr. 1 og 4. Det går fram av same paragraf sitt tredje og fjerde ledd at Finanstilsynet likevel kan gjere unntak for desse krava. Det er berre autoriserte rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap som kan ta på seg å føre rekneskap for eksterne oppdragsgivarar etter rekneskapsførarlova (1993) § 1 første ledd (Høylye, Kristensen & Opsahl, 2015, s. 148).

Kvitvaskingslova (2018) gjeld autoriserte rekneskapsførarar og autoriserte rekneskapsførarselskap i utøving av deira yrke, jf. kvitvaskingslova § 4 andre ledd bokstav b.

“I utøving av deira yrke” inneberer at alle rekneskapsførarselskap er omfatta av lova, medan rekneskapsførarar som er tilsett i andre verksemdar ikkje er omfatta av lova (Finanstilsynet, 2020, s. 4). Autoriserte rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap som tilbyr verksemdstenester, er uansett underlagt denne lova, jf. kvitvaskingslova § 4 andre ledd bokstav b og e. Tilbydarar av verksemdstenester er fysiske personar og juridiske personar som tilbyr ulike tenester til tredjeperson, jf. kvitvaskingslova (2018) § 2 første ledd bokstav j. Dei kan for eksempel opptre som konsulentar ved selskapsetableringar, forvalte pengar og opptre som styremedlem i eit selskap (Kristoffersen, 2014, s. 444).

Alle tenester der ein autorisert rekneskapsfører er ansvarleg for oppdragsutføringa på vegner av eit rekneskapsførarselskap, er omfatta av kvitvaskingslova (2018). Tenester som i seg sjølv ikkje er autorisasjonspliktige etter rekneskapsførarlova (1993), og som blir utført av andre enn autoriserte rekneskapsførarar på vegne av eit rekneskapsførarselskap, er også omfatta av kvitvaskingslova (2018) (Finanstilsynet, 2020, s. 4). Det inneberer til dømes at rekneskapsførarar utan autorisasjon som er tilsette i eit rekneskapsførarselskap, er omfatta av kvitvaskingslova (2018).

Regnskap Norge er profesjons- og bransjeforeininga for autoriserte rekneskapsførarar i Noreg. Foreininga er mellom anna leiande leverandør av kurs- og kompetanseprodukt innan økonomi, og driv omfattande kvalitets- og informasjonsarbeid. Regnskap Norge er ein viktig høyringsinstans for myndigheitene, og dei kjem ofte med innspel til utvikling og endring av lover og reglar (Regnskap Norge, u.å.).

2.3 Kvitvaskingsansvarleg og etterlevingsansvarleg

Ein skal etter kvitvaskingslova (2018) § 8 femte ledd peike ut ein person i leiinga som skal ha særskilt ansvar for å følgje opp rutinane, også kalla ein kvitvaskingsansvarleg. Den kvitvaskingsansvarlege har mellom anna ansvar for å utarbeide og følgje opp kvitvaskingsrutinar, og den har det overordna ansvaret for at undersøking- og rapporteringspliktene blir overhaldne (Finanstilsynet, 2020, s. 5). Sjølv om rekneskapsførarselskapet har ein kvitvaskingsansvarleg, har den øvste leiinga framleis eit ansvar for å etterleve kvitvaskingslova. I mindre rekneskapsførarselskap må den kvitvaskingsansvarlege vere ein person i den øvste leiinga, det vil seie dagleg leiar eller eit styremedlem. I enkeltpersonføretak vil dette vere innehavaren (Finanstilsynet, 2020, s. 5). Dersom rekneskapsførarselskapets art og omfang tilseier det, kan det vere nødvendig å i tillegg

utnemne ein etterlevingsansvarleg. I følgje Finanstilsynet vil dette truleg berre vere nødvendig å vurdere for dei store rekneskapsførarselskapa, og det blir avgjort på grunnlag av ei konkret vurdering (Finanstilsynet, 2020, s. 7).

2.4 Kundetiltak og nærleik til kunden

I følgje kvitvaskingslova (2018) § 9 første ledd skal rapporteringspliktige, herunder autoriserte rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap, gjennomføre kundetiltak etter §§ 10 til 20. På bakgrunn av ei risikovurdering for kvitvasking og terrorfinansiering, skal det også gjennomførast løpande oppfølging etter § 24, jf. kvitvaskingslova § 9 første ledd. Risikovurderinga skal ta utgangspunkt i mellom anna kundeforholdets føremål, mengde av kundemidlar som skal inngå i kundeforholdet, storleiken av transaksjonar, og regelmessigheita og varigheita på kundeforholdet, jf. kvitvaskingslova (2018) § 9 første ledd andre punktum.

Føremålet med å gjennomføre kundetiltak er at dei rapporteringspliktige, som i dette tilfelle er autoriserte rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap, skal kjenne sine kundar (NOU 2016:27, s. 75). «Kjenn-din-kunde-prinsippet» er eit grunnleggande prinsipp i kvitvaskingsregelverket, og inneberer at omfanget av kundetiltak kan tilpassast den konkrete risiko. Ein skal gjennomføre meir omfattande tiltak og tettare oppfølging dersom kundeforholdet inneberer høg risiko for kvitvasking. På den andre sida, så kan omfanget av slike tiltak reduserast dersom kundeforholdet blir rekna for å ha låg risiko for kvitvasking (Rørholt, 2018, note 47). Ved at rekneskapsførar kjenner identiteten til kunden og kundeforholdets føremål og tilsikta art, kan ein setja i verk risikobaserte tiltak for å avdekka og hindra kvitvasking. EUs fjerde kvitvaskingsdirektiv brukar formuleringa: «customers due diligence measures», som i tillegg til kundetiltak omfattar løpande oppfølging som vi går nærare inn på i delkapittel 4.1.4 (NOU 2016:27, s. 75).

Dei rapporteringspliktige skal kunne påvise at omfanget av utførte tiltak er tilpassa den aktuelle risikoen, jf. kvitvaskingslova (2018) § 9 tredje ledd. Ved tilsyn skal ein kunne dokumentere kva som er gjort av tiltak, der det er viktig å grunngi kvifor ulike tiltak er sett i gang i konkrete saker, og vise til at gjennomførte tiltak er tilstrekkelege (Rørholt, 2018, note 48). Dersom autorisert rekneskapsførar eller rekneskapsførarselskap ikkje kan gjennomføre kundetiltak, skal kunden avvisast og kundeforholdet avviklast. Det gjeld alle kundetiltak, også kundetiltak som ledd i løpande oppfølging (Rørholt, 2018, note 94 og 101). Rapporteringspliktige skal også etter kvitvaskingslova (2018) § 8 ha rutinar i verksemda som sikrar at identifisert risiko blir

handtert, og at pliktene i lova blir oppfylt. Det autoriserte rekneskapsførarselskapet må minimum ha rutinar rundt vurdering og handtering av kundetiltak, risikoklassifisering av kundar og løpande oppfølging (Finanstilsynet, 2020, s. 13-14).

Alle rekneskapsførarselskap må etter kvitvaskingslova (2018) § 7 første ledd identifisere og vurdere risikoen for kvitvasking knytt til si eiga verksemd. Risikovurderingane skal tilpassast selskapets art og omfang, og desse vurderingane skal dokumenterast, oppdaterast og vere tilgjengeleg for tilsynsmyndigheita, jf. kvitvaskingslova (2018) § 7 fjerde og femte ledd. Risikovurderinga må minimum dekke punkta som er gitt i kvitvaskingslova (2018) § 7 andre ledd bokstav a til d.

Bokstav a handlar om eiga verksemd. Eit forhold ved eige selskap som kan auke risikoen for å bli brukt som ledd i kvitvasking, er nærleik til kunden. Ein nærleik eller avhengigheit til kundar, kan auka sårbarheita for at rekneskapsførarar ikkje gjennomfører alle pliktige kundetiltak. Ein slik nærleik er typisk at selskapet blir drive på ein mindre stad der kunden, eller personar som handlar på vegne av kunden, er kjende, anten som følgje av forretningssamarbeid eller i privat samanheng (Finanstilsynet, 2020, s. 9). Eit mindre kundeutval, eller store kundar som står for store delar av omsetjinga til selskapet, kan vere ein sårbarheit. Det er fordi ein er redd for å miste kundar og inntekt, og ein utfører difor ikkje alle pliktige kundetiltak (Finanstilsynet, 2020, s. 9). At nærleik til kunde kan auka sårbarheita for at rekneskapsførarar ikkje gjennomfører alle pliktige kundetiltak, er bakgrunnen for det andre delspørsmålet vårt; Er det ein forskjell i haldning og utføring av kundetiltak i by og bygd?

2.5 Myndigheiter knytt til kvitvaskingslova

Kampen mot kvitvasking er eit relativt nytt samarbeidsområde i internasjonal samanheng. Standardar for tiltak som er implementert i nasjonale lovverk har sitt utspring i initiativ som først kom på slutten av 1980-talet (Finanstilsynet og Økokrim, u.å.b).

2.5.1 Financial Action Task Force (FATF)

Financial Action Task Force (FATF) er eit mellomstatleg organ som består av 37 medlemsland som set internasjonale standardar for nedkjemping av kvitvasking og terrorfinansiering. Det blei etablert av G7-landa i 1989 for å møte internasjonal bekymring i samband med misbruk av finanssystemet i kvitvaskingssamanheng. Rammeverket for FATFs føringar er basert på eit

underliggende prinsipp om gjennomsiktighet, og er utforma for universell nytte som skal tilpassast rettssystemet i kvart land (Finanstilsynet og Økokrim, u.å.c).

2.5.2 Den europeiske union (EU) og det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS)

Den europeiske union (EU) er ein regional samarbeidsorganisasjon i Europa bestående av 28 medlemsland med hovudsete i Brussel. EU har innført lovgjevnadsprosess med reglar og standardar for samarbeidsområda. Eit rettsleg system ser til at reglane blir overheldt, med EU-kommisjonen som overvakande myndigheit og EU-domstolen som øvste dømmende instans. Noreg er ikkje medlem av EU, men har sidan 1995 vore knytt til EU gjennom EØS-avtalen. Den bind Noregs politikk og rettsutvikling tett til EUs lovgjevnadsprosessar (Knudsen, Julsrud, Tvedt & Trondal, 2019).

Europaparlamentets- og rådsdirektiv (EU) 2015/849 om tiltak for å beskytte det finansielle system mot kvitvasking og terrorfinansiering blei vedtatt 20. mai 2015. Direktivet er EUs fjerde kvitvaskingsdirektiv, og avløyser Europaparlamentets- og rådsdirektiv 2005/60/EF og Kommisjonsdirektiv 2006/70/EF. Det fjerde kvitvaskingsdirektivet er eit minimumsdirektiv, noko som inneberer at EØS-statane kan vedta strengare reglar for å førebygge og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering enn det direktivet krev. Direktivet byggjer vidare på det tredje kvitvaskingsdirektiv, men også FATFs reviderte anbefalingar om tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering frå 2012. Det inneberer ein tydeleg vektlegging av risikobasert tilnærming til tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering (Finansdepartementet, 2017, s. 9). EUs fjerde kvitvaskingsdirektiv omtalar førebygging av bruk av det finansielle systemet til kvitvasking eller finansiering av terrorverksemd. Straumar av ulovleg kapital kan skade finanssektorens integritet, stabilitet og omdømme, og truga EUs indre marknad og internasjonal utvikling (EU, 2015, s.1).

2.5.3 Finanstilsynet

Finanstilsynet er eit sjølvstendig myndigheitsorgan i Noreg, som har som hovudmål å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader. Dette er nødvendig for å sikre tillit til det finansielle systemet, og for å sikre stabil økonomisk utvikling og beskyttelse av brukarane av finansielle tenester. Dei gjennomfører difor tilsyn med føretak og marknader, slik at brukarane kan ha tillit til at avtalar og tenester blir riktig følgd opp. Finanstilsynet sitt arbeid har

utgangspunkt i lover og vedtak frå Stortinget, Regjeringa og Finansdepartementet, i tillegg til at dei deltek i internasjonale samarbeid (Finanstilsynet, 2016a).

Tilsynsansvaret til Finanstilsynet inkluderer rekneskapsførarverksemd, der rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap mellom anna må ha løyve frå Finanstilsynet. Tilsynet går ut på å kontrollere at verksemda blir driven i samsvar med regelverket og god rekneskapsførarskikk (Finanstilsynet, 2016a). I samband med kvitvasking og terrorfinansiering, fører Finanstilsynet mellom anna tilsyn med at rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap etterlev pliktene dei har etter kvitvaskingsregelverket (Finanstilsynet, 2016b). Som nemnd i delkapittel 1.1, skulle Finanstilsynet gjennomføre temakontroll og stadleg tilsyn hjå rekneskapsførarselskap i byrjinga av 2020, får å kontrollere at dei etterlev kvitvaskingsreglane.

2.6 Bakgrunn for ny kvitvaskingslov

FATF evaluerer medlemslanda sine tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering. Ei slik vurdering av Noreg vart gjennomført i 2014, og i rapporten frå FATF vart det retta kritikk mot norsk praksis og regelverk på nokre punkt (Finansdepartementet, 2017, s. 10). I lovforslaget til ny kvitvaskingslov har det blitt teke omsyn til manglar i det norske regelverket som vart påpeika av FATF. Det er viktig at Noreg endrar regelverket etter kvart som det kjem nye anbefalingar frå FATF, for å hindre at landet blir opplevd som ein fristad for kvitvasking av pengar og terrorfinansiering (Finansdepartementet, 2017, s. 7). Kvitvaskingsutvalet fekk i oppgåve å vurdere og føreslå tiltak for å følgje opp merknadar i FATF sin evalueringsrapport frå 2014 om gjeldande norsk kvitvaskingsregelverk (NOU 2016:27, s. 9).

Direktiv (EU) 2015/849 (EUs fjerde kvitvaskingsdirektiv) blei vedteke i 2015. Medlemsstatane i EU hadde frist til 26. juni 2017 å gjennomføra direktivet (Finansdepartementet, 2017, s. 9). Då kvitvaskingslova (2018) blei sett i kraft, var direktivet endå ikkje ein del av EØS-avtalen. Først i desember 2018 vart direktivet ein del av EØS-avtalen, og Noreg er forplikta til å innføra EU sine direktiv og vedtak i samsvar med EØS-avtalen (Finanstilsynet og Økokrim, u.å.d). 14. juni 2019 vart det vedtatt samtykke i Stortinget om å innlemme direktivet i EØS-avtalen (Utanriksdepartementet, 2018, s. 10). På dette tidspunktet oppfylte allereie den norske lovgivinga, kvitvaskingslova (2018) og lov 1. mars 2019 nr. 2 om register over reelle rettshavarar, dei nødvendige krava i det fjerde kvitvaskingsdirektivet (Utanriksdepartementet, 2018, s. 7). Kvitvaskingsutvalet fekk i oppgåve å utarbeide utkast til lov- og forskriftsendringar

for å gjennomføre forventa nye EØS-reglar som svara til EUs fjerde kvitvaskingsdirektiv og EU-forordning om informasjon som skal følgje betalningar (NOU 2016:27, s. 9).

Som nemnd i delkapittel 1.1, kom det i desember 2019 eit rundskriv frå Finanstilsynet, som er ei rettleiing om rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap si etterleving av kvitvaskingsregelverket. Rundskrivet skal vere til hjelp for rekneskapsførarselskap og dei som utfører arbeid for rekneskapsførarselskap, slik at dei skal forstå kva for plikter dei har etter kvitvaskingslova (2018) (Finanstilsynet, 2020, s. 4).

3 Metode

I dette kapitlet startar vi med å gå igjennom og argumentere for kva forskingsdesign vi vil nytte for å svare på oppgåva. Vidare skildrar vi metodiske problemstillingar og grunngir metoden som er nytta for å svare på problemstillinga. Metode er ein måte å gå fram på for å samle inn empiri, og er eit hjelpemiddel for å gi ei skildring av verkelegheita (Jacobsen, 2016, s. 21). Mot slutten av kapitlet vil vi presentere utvalet vårt.

3.1 Forskingsdesign

Forskingsdesignet er rammeverket eller planen for ei studie som skal brukast til rettleiing i innsamling og analyse av data. Dermed sikrar forskingsdesignet at studia er relevant for problemstillinga (Churchill, 1991, s.127). Ein kan dela forskingsdesign inn i tre typar: eksplorativ, deskriptiv og kausal (Churchill, 1991, s.128).

Føremålet med ein eksplorativ eller utforskande problemstilling, er å få innsikt i problemet eller å utforske eit fenomen. Det kan vera spesielt nyttig for å dele breie, uklare problemstillingar inn i mindre, meir presise underproblemstillingar, i form av hypotesar (Churchill, 1991, s.130). Det vil kunne gi forskaren auka innsikt og forståing av eit fenomen. Ei deskriptiv studie er ei forklarande studie. Slike studiar blir brukt når ein vil beskrive karakteristikkar ved grupper, estimere den delen av menneske i ein bestemt populasjon som oppfører seg på ein bestemt måte, eller til å komme med spesifikke predikasjonar (Churchill, 1991, s.144). Føremålet med ei kausal studie er å bestemme årsak-verknad-forholdet, og ei slik årsakstudie har vanlegvis form av eksperiment (Churchill, 1991, s.128).

Ei utforskande problemstilling vil ofte krevje ein metode som får fram nyanserte data, går i djupna av eit fenomen og er følsam for uventa forhold, og dermed open for kontekstuelle forhold (Jacobsen, 2016, s. 64). Ved å nytte utforskande design, vil vi sjå nærare på kva for kundetiltak rekneskapsførarar skal utføre etter kvitvaskingslova, og kva som blir gjort i praksis.

3.2 Kvalitativ og kvantitativ metode

Det er vanleg å skilje mellom to metodar for å samle inn data, og det er kvalitativ og kvantitativ metode.

Ein kvalitativ metode er som regel intensiv, der data blir samla inn gjennom til dømes intervju og ein går i djupna av eit fagfelt (Jacobsen, 2016, s. 145-146). Det inneberer mellom anna at utvalet av informantar som oftast ikkje er tilfeldig når ein nyttar kvalitativ metode. Den kvalitative metoden er også open i form av at den innsamla informasjonen i liten grad er styrt av forskaren på førehand (Jacobsen, 2016, s. 251). Det heng saman med ei utforskande problemstilling, der det i utgangspunktet er forska lite på temaet tidlegare.

Ei kvantitativ studie kan derimot definerast som ein ekstensiv metode, der ein tek føre seg fleire einingar. Kvantitativ metode er relativt lukka, i form av at forskaren har definert meir på førehand kva for informasjon som skal samlast inn (Jacobsen, 2016, s. 251). Ein av dei største skilnadane på kvalitativ og kvantitativ metode, er at kvalitativ metode heng saman med intensive undersøkingar. Det vil seie færre einingar, og fokus på variasjon og mangfald i opplevingar og tolkingar. På den andre sida har kvantitativ metode fokus på å generalisere omfang av, og samvariasjon mellom fenomen, og ein undersøker fleire einingar. (Jacobsen, 2016, s. 141). Ettersom ein kvantitativ metode har eit generaliseringsfokus, er denne metoden gjerne mindre fleksibel enn ein kvalitativ metode. Vi har valt å nytte kvalitativ metode, ettersom vi har ei utforskande problemstilling. Sidan kvitvaskingslova er såpass ny, er det forska lite på temaet tidlegare. Fokuset vårt er å få fram korleis dei ulike rekneskapsførarselskapa opplev og tolkar kvitvaskingsregelverket, og ikkje på å generalisere funna våre.

For å finne ut av kva som blir gjort av kundetiltak i praksis, må vi hente inn primærdata. Primærdata inneberer å gå direkte til den primære kjelda for informasjon, og samle inn opplysingane for første gong. Innsamling av primærdata er skreddarsydd til problemstillinga (Jacobsen, 2016, s. 139-140). Vi har valt å samle inn primærdata ved å gjennomføre djupneintervju, som då er kvalitativ metode. Vi hadde eit ønskje om å få eksempel på korleis

lova blir tolka og følgd i praksis, og såg det difor som føremålstenleg å gjennomføre djupneintervju. Det er ulike former for intervju, og tradisjonelt sett har det vore tett forbunde med det personlege intervjuet som blir gjennomført ansikt-til-ansikt. Det er vanleg å skilje mellom fire måtar å gjennomføre det individuelle intervjuet på: ansikt-til-ansikt, telefon, chat og e-post (Jacobsen, 2016, s. 147). Vi valte å gjennomføre djupneintervju over telefon, då den metoden er best eigna for å samle inn primærdata for å svare på forskingsspørsmålet vårt. Det blir nærare forklart i delkapittel 3.5.

3.3 Juridisk metode

Ettersom vi har kvitvaskingslova (2018) som tema for oppgåva, verka det fornuftig å velje juridisk metode for å få fram innhaldet i aktuelle avgjerder knytt til lova. Ein må nytte juridisk metode, også kalla rettskjeldelære, for å løyse rettsspørsmål (Monsen, 2012, s. 21). Rettsreglar er det ein sit att med etter at rettsbrukaren har, ved hjelp av rettsleg argumentasjon, tolka det primære rettsgrunnlaget (Monsen, 2012, s. 20). Rettsleg argumentasjon knytt til identifisering og tolking av eit primært rettsgrunnlag, må vere forankra i rettskjelder. Rettskjelder er legitime argumentkjelder i rettsleg argumentasjon (Monsen, 2012, s. 25). Rettsleg argumentasjon skjer i samsvar med rettskjeldeprinsipp, som kan delast inn i tre hovudgrupper: relevansprinsipp, slutningsprinsipp og vektprinsipp (Monsen, 2012, s. 26). Relevansprinsippa, eller legitimeringsprinsippa, skal avklare kva for argumentkjelder som prinsipielt sett er legitime i argumentasjon. Det er slutningsprinsippa som må avgjere kva for argumentkjelder som gir relevante argument for avgjerda av eit konkret rettsspørsmål (Monsen, 2012, s. 27). Slutningsprinsippa kan gi rettsbrukaren motstridande argument, og ein må då finne ut av kva for rettsregel som har dei beste rettskjeldemessige grunnane føre seg. Vektprinsippa kan gi rettleiing på spørsmålet (Monsen, 2012, s. 28).

Problemstillinga vår handlar om kva rekneskapsførarar i teorien skal gjere av kundetiltak etter den nye kvitvaskingslova (2018), og kva som faktisk blir utført. For å finne ut kva som skal gjerast i teorien (etter lova), vil det vere nødvendig å sjå på sekundærdata. Sekundærdata er data og informasjon som er samla inn av andre, og gjerne for eit anna føremål (Jacobsen, 2016, s. 140). Sjølv om kvalitativ metode er den primære forskingsmetoden i oppgåva, har vi i denne oppgåva også nytta faglitteratur som sekundærdata, samt juridisk metode for å få ei teoretisk forståing av kva rekneskapsførarar skal gjere etter kvitvaskingslova (2018).

Når ein nyttar juridisk metode til å svare på oppgåva, må ein finne ut kva for rettskjelder som er relevante og legitime. Lover, lovforarbeid og etterarbeid, lovføremål, høgsterettspraksis, alminnelege rettsoppfatningar, rettsoppfatningar i juridisk teori og Europarett er døme på argumentkjelder som blir rekna som legitime i rettsleg argumentasjon, ut i frå høgsterettspraksis og brei einigheit blant juristar (Monsen, 2012, s. 30).

Kvitvaskingslova (2018) med tilhøyrande forskrift er ei sentral rettskjelde når vi skal sjå på kva for plikter rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap har etter kvitvaskingsregelverket. Det er også aktuelt å sjå lova i samanheng med den oppheva kvitvaskingslova frå 2009. For å få meir utfyllande informasjon, ser vi også på lovkommentarar. Lovforarbeida til kvitvaskingslova (2018) er sentrale her, då desse kan vere til hjelp når ein mellom anna skal forstå bakgrunn og behov for lova, samt føremålet med lova og korleis ein skal forstå den. Rundskriv (15/2019) frå Finanstilsynet er eit nyttig oppslagsverk når vi skal sjå på kva rekneskapsførarar skal gjennomføre av kundetiltak og korleis kvitvaskingsregelverket generelt skal etterlevast av rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap.

3.4 Datainnsamling

Som nemnd i delkapittel 3.2, samla vi inn primærdata ved å gjennomføre djupneintervju. Vi har valt å ha delvis strukturerte intervju, i form av at vi har notert ned spørsmål på førehand, men det var lagt opp til at respondentane kunne kome med innspel, og vi kunne kome med oppfølgingsspørsmål. Dette går fram av vedlegg 1, som er intervjuguiden vi nytta.

For å unngå mest mogleg skilnadar og skeivheit i intervju, valte vi å gjennomføre intervju over telefon. Vi har bedt om løyve til å gjere lydopptak under intervju, slik at vi kunne transkribere intervju i etterkant, og deretter sende dei over til informantane for gjennomgang. Etersom vi denne våren har opplevd ein spesiell situasjon med COVID-19, så er det som til vanleg er ein travel periode for rekneskapsførarselskap og bransjeorganisasjonar, gjerne ekstra travel. Vi har prøvd å legge mest mogleg til rette for å få gjennomført intervju som vi ønska, og har difor også gjennomført eit intervju over e-post.

3.5 Undersøkingas kvalitet og etiske vurderingar

Datainnsamlinga vil påverka validiteten og pålitelegheita til datamaterialet, sidan dei fleste metodar er selektive i sin informasjonsinnsamling (Jacobsen, 2016, s. 145-146). Gyldigheit,

eller validitet, går ut på at vi målar det vi ønskjer å måle. Når ein nyttar seg av individuelle intervju slik som oss, så ønskjer ein å måle individuelle og personlege synspunkt på fenomen, og alle tel i utgangspunktet likt (Jacobsen, 2016, s. 173). Ekstern gyldigheit handlar om i kva grad ein kan generalisere funna frå ei undersøking til andre enn dei ein har undersøkt. Som tidlegare nemnd, er det vanskeleg å generalisere frå utval til populasjon når ein har ei kvalitativ tilnærming. Det er fordi ein som regel berre undersøker nokre få einingar, og desse er valt ut til eit spesielt føremål – altså eit vurderingsutval. Kvalitativ metode kan derimot bidra til teoretisk generalisering, som inneberer å avdekke fenomen, etablere kausalmekanismar og avdekke spesielle føresetnadar for at noko skal ha effekt (Jacobsen, 2016, s. 237).

Når det gjeld forskinga si pålitelegheit, eller reliabilitet, så går det ut på at trekk ved sjølve undersøkinga kan ha skapt dei resultatata vi har kome fram til. Det inneberer altså at undersøkingsopplegget, datainnsamlinga og analysen kan påverke resultatet (Jacobsen, 2016, s. 241). Ein snakkar særleg om undersøkareffekt, intervju effekt og konteksteffekt. Informanten kan bli påverka av intervjuaren, og intervjuaren sitt nærvær kan skape spesielle resultat, mellom anna av måten ein snakkar på. Dersom intervjuaren opptreer som aggressiv og pågåande, kan det skape andre resultat enn ein intervjuar som verkar uinteressert. I verste fall kan resultatata spegle korleis intervjuaren oppførte seg heller enn fenomenet som ein skulle måle (Jacobsen, 2016, s. 242). Konteksteffekt inneberer at staden der intervjuet blir gjennomført, kan skape spesielle resultat (Jacobsen, 2016, s. 173). Ved å gjennomføre alle intervju med rekneskapsførarar over telefon, har vi fått lettare tilgang til geografisk spreidde personar, og i tillegg redusert intervjuareffekten i forhold til ha det ansikt-til-ansikt. Dersom vi hadde gjennomført nokre av intervju ansikt-til-ansikt, kan det vere at intervjuareffekten hadde vore potensielt sterkare. Då er det ikkje berre måten ein snakkar på som spelar inn, men ting som korleis ein er kledd, korleis ein ser ut og kroppsspråk kunne ha påverka intervjuet. På den andre sida er ansikt-til-ansikt intervju gode til å etablere tillit og openheit, og intervjuaren kan observere og ha større kontroll over intervjusituasjonen (Jacobsen, 2016, s. 148). Intervjuet over e-post har gjerne minst intervjuareffekt, og har vore bra for å få tilgang til personar som vanskeleg å få tak i. Denne intervjumetoden er likevel svak på å etablere tillit, den er meir anonym, og informasjonen blir mindre rik og nyansert enn om den hadde vore gitt munnleg (Jacobsen, 2016, s. 148).

Dersom ein oppfattar at det som blir rapportert speglar verkelegheita og dei som har blitt undersøkt, så er undersøkinga av god kvalitet (Jacobsen, 2016, s. 246). For å styrke gyldigheita og pålitelegheita i undersøkinga, har vi undervegs i intervju stilt oppfølgingsspørsmål for å

bekreftede at vi forstår informantane. Vi har også tatt lydopptak under intervjuet, slik at vi i etterkant har kunna transkribere desse. For å gjere undersøkinga mest mogleg påliteleg, har vi også sendt dei transkriberte intervjuet over til informantane, der dei har hatt moglegheit til å kome med rettingar og kommentarar.

Når det gjeld etiske vurderingar i undersøkinga vår, så er informert samtykke ein grunnleggande føresetnad. Det går ut på at dei som deltek, gjer dette frivillig, og dei evnar å vurdere fordeler og ulemper ved å delta sjølve (Jacobsen, 2016, s. 47). Dei har også full informasjon om føremålet med undersøkinga, korleis data skal nyttast m.m. Dette går fram av vedlegg 2, som er informasjonsskrivet vi har sendt ut til alle deltakarane med tilhøyrande samtykkeerklæring. I samtykkeerklæringa skreiv informantane også under på om namnet på rekneskapsførarselskapet/organisasjonen kunne brukast i oppgåva og ved eventuell publikasjon. På bakgrunn av at to av informantane ikkje ønskja namnet på rekneskapsførarselskapet publisert, har vi valt å anonymisere alle rekneskapsførarselskapa i oppgåva vår. Ei oversikt over informantane er presentert i slutten av neste delkapittel.

3.6 Val av informantar

Kvalitativ studie inneberer fordjuping i data der den enkelte informanten bidreg med betydelege mengder informasjon (De nasjonale forskningsetiske komiteene, 2010). For å best mogleg svare på forskingsspørsmålet, har vi tatt eit vurderingsutval. Det er ein type utval der analytikaren vel ut respondentar frå populasjonen etter dei bestemte eigenskapane som ein ønskjer skal vera representert i utvalet (Gripsrud, Olsson & Silkoset, 2017, s. 176). Ein populasjon er summen av alle dei undersøkingseiningane ein ønskjer å seie noko om (Gripsrud et.al. 2017, s. 166). Ved å gjennomføra eit ikkje-sannsynsutval, får vi ikkje eit representativt utval, men vi håpar likevel at studia vår kan gi kunnskap som kan brukast av andre og ha ein overføringsverdi (De nasjonale forskningsetiske komiteene, 2010).

Det er ikkje eit enkelt svar på kor mange ein bør intervjuet i ei kvalitativ undersøking. Eit svar kan vere at forskaren ikkje treng å utvide talet på respondentar når ein har oppnådd det som blir kalla metting av informasjon. Det inneberer at forskaren skal samle inn informasjon heilt til det ikkje er meir informasjon om temaet, eller til kunnskapen ein får ved å føreta eit nytt intervju, ikkje gir noko nytt (Jacobsen, 2016, s. 192-193). Når vi skulle gjennomføra utvalet, hadde vi eit ønskje om 5-6 respondentar der vi fekk representert rekneskapsførarbedrifter på mindre og større stader. Dette er tal vi kom fram til, ettersom vi måtte ta omsyn til at vi har

relativt kort tid til å gjennomføre undersøkingar. På bakgrunn av problemstillinga vår, så var det viktig for oss at rekneskapsførarar utgjorde største delen av utvalet vårt. I tillegg hadde vi eit ønskje om å få å intervju ein bransjeorganisasjon, som kunne sjå på forskingsspørsmålet frå ein annan synsvinkel. Vi tok også kontakt med Finanstilsynet og Økokrim, men dei hadde ikkje moglegheit til å delta i prosjektet vårt.

For å finne rekneskapsførarselskap på mindre stader, eller i bygd, sendte vi ut invitasjonar til å delta i undersøkinga på e-post til rekneskapsførarbedrifter som vi kjenner til i nærområdet. Her fekk vi også raskt positiv tilbakemelding. Det var litt vanskelegare å finne rekneskapsførarselskap på større stader, eller i by, ettersom vi ikkje har så mange kjennskap i desse områda. Vi søkte opp rekneskapsførarbedrifter i dei store byane, og sendte ut fleire invitasjonar på e-post. Bedrift A kom raskt med positivt svar, og etter ei stund fekk vi også bedrift D med på laget.

Selskap/organisasjon	Stilling
Bedrift A by	Kvitvaskingsansvarleg
Bedrift B bygd	Dagleg leiar og kvitvaskingsansvarleg
Bedrift C bygd	Dagleg leiar
Bedrift D «by»	Dagleg leiar og kvitvaskingsansvarleg
Regnskap Norge	Fagansvarleg rekneskap

Tabell 1 – Oversikt over informantar

3.7 Metodekritikk

Utvalet vårt vart ikkje slik vi i utgangspunktet hadde sett føre oss. Vi sendte ut totalt 15 invitasjonar til å delta i undersøkinga til bacheloroppgåva vår. Resultatet var at 6 takka ja, 5 takka nei og resten svara ikkje. Når vi starta med oppgåva, så hadde vi eit ønskje om å intervju Finanstilsynet og Økokrim, i vertfall ein av desse. Det hadde dei dessverre ikkje moglegheit til, og desto viktigare vart det for oss å få Regnskap Norge som bransjeorganisasjon med på laget, for å få ein annan synsvinkel på problemstillinga.

I utgangspunktet var planen vår å gjennomføre alle djupneintervjua over telefon, for at det skulle vere mest mogleg likt. Ettersom vi fekk den spesielle situasjonen med COVID-19, vart intervjuet med Regnskap Norge gjennomført over e-post. Det var ei travel tid for organisasjonen, men vi meinte deira synspunkt var viktig å få med i oppgåva vår. Vi sa difor

at intervjuet kunne gjennomførast over e-post, der vi sendte spørsmåla over og dei kunne svare når det passa. Vi vurderte det også slik at det viktigaste var at intervju med rekneskapsførarselskapa skjedde over same kanal.

I forhold til delspørsmål 2, om det er ein forskjell i haldning og utføring av kundetiltak i by og bygd, så var det som nemnd viktig for oss å gjennomføre intervju med rekneskapsførarselskap som representerte begge sider. Når det gjeld utvalet frå bygd, så kjem informantane frå nærområdet vårt som vi kjenner. Det er mogleg at vi hadde fått andre resultat dersom desse var i frå mindre stader i ulike delar av landet. No har vi berre intervju fire rekneskapsførarselskap, og vi har, som nemnd i delkapittel 3.6, difor ikkje noko representativt utval for landets rekneskapsførarselskap.

Tidsbruken på telefonintervju varierte frå 20 minuttar til 1 time og 5 minutt, sjølv om vi på førehand hadde estimert tidsbruken til om lag ein time. Vi meiner likevel at vi fekk tilstrekkeleg med informasjon i alle intervju, og avtala at vi kunne ta kontakt ved seinare tidspunkt dersom det var noko vi ville ha meir informasjon om og liknande. Informantane med dei kortaste intervju svara konkret og direkte på spørsmåla våre, men kom gjerne med mindre praktiske eksempel. Informantane i dei lengste intervju kom med fleire eksempel og snakka meir rundt temaet i intervju.

4 Presentasjon av empiri

Vi har henta inn primærdata gjennom intervju med fire rekneskapsførarselskap og Regnskap Norge, samt sekundærdata som er juridisk teori. I dette kapitlet skal vi presentere funna våre.

4.1 Kva for kundetiltak skal gjennomførast, og kva blir gjort?

Vi startar med å presentere funna knytt til forskingsspørsmålet vårt; Kva for kundetiltak skal rekneskapsførarar utføre etter kvitvaskingslova, og kva blir gjort i praksis?

Autoriserte rekneskapsførarar og autoriserte rekneskapsførarselskap skal etter kvitvaskingslova (2018) § 10 første ledd gjennomføre kundetiltak ved:

- a) Etablering av kundeforhold. For autoriserte rekneskapsførarar blir det rekna at eit kundeforhold er etablert når dei har inngått skriftleg oppdragsavtale med oppdragsgivar

eller oppdrag som føreset skriftleg avtale, jf. kvitvaskingsforskrifta (2018) § 4-1 tredje ledd og regnskapsførarlova § 3. Dersom ein ikkje får gjennomført kundetiltak, skal ein heller ikkje etablere eit kundeforhold, jf. kvitvaskingslova (2018) § 21 første ledd.

- b) Transaksjonar for kundar som ein ikkje har etablert eit kundeforhold til, som gjeld minst
- 100 000 kroner
 - 8 000 kroner, når transaksjonen utgjer ei pengeoverføring som nærare definert av departementet i forskrift
 - 16 000 kroner, for tilbydarar av speletenester
- c) Mistanke om kvitvasking eller terrorfinansiering. Denne plikta gjeld uansett beløp, og både for tilfeldige kundar og kundar der kundeforhold er etablert tidlegare. Ein har plikt til å gjennomføre kundetiltak ved mistanke om kvitvasking, sjølv om dette blei utført då kundeforholdet vart etablert. Dersom ein må gjennomføre kundetiltak som følgjer av mistanke om kvitvasking, oppstår i tillegg plikta til å føreta nærare undersøkingar etter kvitvaskingslova (2018) § 25 (Rørholt, 2018, note 51).

Etter kvitvaskingslova (2018) § 10 andre ledd gjeld beløpsgrensene på 100 000 kroner og 16 000 kroner samla for transaksjonar som blir gjennomført i fleire operasjonar, og som ser ut til å ha samanheng.

Autoriserte rekneskapsførarselskap skal innhente og vurdere nødvendige opplysingar om kundeforholdets føremål og tilsikta art, jf. kvitvaskingslova (2018) § 12 femte ledd og § 13 femte ledd. Det er nødvendig for å kunne risikoklassifisere kunden og utføre løpande oppfølging i samsvar med kvitvaskingsregelverket. Når det gjeld rekneskapsføraroppdrag, er føremål og tilsikta art ofte tydeleg. Skulle det likevel ikkje vere sjølvforklarande, skal ein oppklara kvifor kunden ønskjer å opprette kundeforholdet, ta i bruk tenesta eller produktet (Finanstilsynet, 2020, s. 16).

Kundetiltak som skal gjennomførast etter kvitvaskingslova (2018) § 12 første og andre ledd og § 13 første og andre ledd, er å hente inn og bekrefte opplysingar om kundens identitet. Ein skil mellom å «innhente» opplysingar og å «bekrefte» opplysingane. Innhenting av opplysingar inneberer til dømes å spørje om namnet til kunden. Deretter skal namnet «bekreftast» ved gyldig legitimasjon (Rørholt, 2018, note 53). Vidare skil ein mellom kundetiltak når kunden er ein fysisk eller juridisk person. Det tek vi føre oss i delkapitla 4.1.1 og 4.1.2.

Informant i bedrift B «bygd» seier at dei passar på å få inn alle data som namn, adresse og personnummer når dei får inn nye kundar, og at alle skal dokumentere dette. Dette blir gjort

ved å ta kopi av førarkort. Dersom den nye kunden er eit aksjeselskap, må dei få med seg kven som eig dette. Viss eigaren av selskapet er eit aksjeselskap, blir det innhenta informasjon om kven som eig det selskapet, for å vite kven som er den reelle eigaren.

Informant i bedrift C «bygd» fortel at når dei får ein ny kunde, så nyttar dei seg av eit skjema frå Regnskap Norge. Der blir også kunden risikovurdert. Ut i frå dette skjemaet, ser ein om det er tiltak ein skal gjere. I forhold til vidare kundetiltak, trur informanten at det her kjem an på om ein driv verksemd på bygda, der ein kjenner alle saman, eller om ein driv i Oslo og ikkje kjenner nokon.

Kvitvaskingsansvarleg i bedrift A «by» nemner også at kundetiltaka hjå dei skjer ved oppstart av kundeforholdet, og at ein får legitimasjon på nye kundar. Etter den nye lova kom, var det også ein prosess med ID-kontroll på alle gamle kundar som dette ikkje var gjort på tidlegare. Informanten i bedrift A legg vekt på at dei også til ei kvar tid er veldig vakne for det som går på kontantoverføringar.

Å gjere seg godt kjend med kunden, tidlegare rekneskapsførar og verksemda, og å bruke god tid i kundemøtet når dei tek i mot nye oppdrag, seier dagleg leiar i bedrift D «by» er viktig for dei. På grunn av god kundetilgang, blir det aldri starta opp kundeforhold med nokon som er usikre i forhold til kvitvasking.

Regnskap Norge har inntrykk av at rekneskapsførarselskapa i all hovudsak føl opp regelverket knytt til kundetiltak etter beste evne. Regelverket kan verke tungt tilgjengeleg, og tiltaka som rekneskapsførarane må utføre står gjerne ikkje heilt i forhold til kva som blir oppdaga og følgd opp av Økokrim (Informant i Regnskap Norge).

4.1.1 Kundetiltak når kunden er ein fysisk person – kvitvaskingslova § 12

Når kunden er ein fysisk person, skal følgjande opplysningar innhentast om kunden etter kvitvaskingslova (2018) § 12 første ledd:

- a) namn
- b) fødselsnummer, D-nummer eller, dersom kunden ikkje har slikt nummer, annan eintydig identitetskode. For personar som ikkje har norsk fødselsnummer eller D-nummer, skal det innhentast fødselsdato, fødestad, kjønn og statsborgarskap, derunder om personen har fleire statsborgarskap
- c) adresse

§ 12 første ledd seier vidare at dei same opplysingane skal innhentast om den som handlar på vegne av kunden, i tillegg til opplysingar om at vedkommande kan handle på vegne av kunden. Ved fullmaktsforhold, verjemål eller at foreldre handlar på vegne av mindreårige barn, kan det vere aktuelt at nokon handlar på vegne av ein fysisk person. I slike tilfelle skal ein hente inn opplysingar om for eksempel fullmaktsavtalar eller at vedkommande er forelder til kunden (Rørholt, 2018, note 55). Dei same opplysingane skal innhentast om den som er gitt disposisjonsrett over ein konto eller eit depot. Det kan til dømes vere nødvendig å hente inn opplysingar om ein ektefelle som kan disponere den andre ektefellen sin konto (Rørholt, 2018, note 66). Dersom kundeforholdet blir etablert utan personleg oppmøte, følgjer det av kvitvaskingslova (2018) § 7 fjerde ledd at det skal leggjast fram ytterlegare dokumentasjon som bekreftar kundens identitet (NOU 2016:27, s. 79).

Kundens identitet bekreftast på grunnlag av gyldig legitimasjon. Etter kvitvaskingsforskrifta (2018) § 4-3 første ledd er gyldig legitimasjon for fysiske personar ved personleg frammøte, original av dokument som

- a) er utskrive av offentleg myndigheit eller av eit anna organ som har tryggande kontrollrutiner for dokumentutskrivning, og dokumenta har eit tilfredsstillande sikkerheitsnivå,
- b) inneheld fullt namn, namnetrekk, fotografi, og
- c) fødselsnummer eller D-nummer

Vidare seier kvitvaskingsforskrifta (2018) § 4-3 andre ledd at for personar som ikkje har norsk fødselsnummer eller D-nummer, skal legitimasjonsdokument, i tillegg til krava som følger av første ledd, innehalde fødselsdato, fødestad, kjønn og statsborgarskap.

Når identiteten ikkje skal bekreftast ved personleg frammøte, går det fram av kvitvaskingsforskrifta (2018) § 4-3 fjerde ledd at elektronisk signatur er gyldig legitimasjon for fysisk person.

Når kunden er ein fysisk person, som til dømes eit enkeltpersonføretak, så vil bedrift B «bygd» få vite alle data om vedkommande, som adresse, personnummer og kopi av førarkort (Informant i bedrift B). Bedrift C «bygd» får førarkort eller anna legitimasjon ved oppstart av kundeforholdet, dersom kunden er ein fysisk person. I tilfelle der selskap blir selde eller liknande, blir det laga ny oppdragsavtale, og ein innhentar ny legitimasjon frå dei nye eigarane (Informant i bedrift C).

I bedrift A «by» er det ikkje forskjell i tiltaka som blir gjennomført når kunden er fysisk eller juridisk person. Det blir gjennomført ID- kontroll, og ein tek kopi av førarkortet til kunden. For fysiske personar er det viktig å følgje med på kontantutbetalingar og liknande, for å skilje kva som er ein del av næringsoppgåva og enkeltpersonføretaket, og kva som er ein del av det private (Informant i bedrift A). Bedrift D «by» innhentar legitimasjon på alle eigarane når kunden er ein fysisk person (Informant i bedrift D).

4.1.2 Kundetiltak når kunden er ein juridisk person – kvitvaskingslova § 13

Etter kvitvaskingslova (2018) § 13 skal rekneskapsførarar hente inn og bekrefte opplysingar om identiteten til kundar som er juridiske personar. Opplysingane ein skal innhenta etter kvitvaskingslova (2018) § 13 første ledd, er:

- a) Føretaksnamn
- b) Organisasjonsform
- c) Organisasjonsnummer
- d) Adresse
- e) Namnet på dagleg leiar og styremedlemmar, eller personar i tilsvarende stilling.

Vidare seier § 13 første ledd at opplysingar om fysiske personar som handlar på vegne av ein juridisk person, inkludert personar som har disposisjonsrett over ein konto eller eit depot, skal innhentast i samsvar med § 12 første ledd. Det skal altså bli gjennomført kundetiltak overfor fysiske personar som opptre på vegne av eit føretak eller ein anna type ikkje-fysisk person. Det kan til dømes gjelde ein fysisk person som skal ha tilgang til ein bankkonto i føretaket (Rørholt, 2018, note 67).

Det skal i tillegg gjennomførast eigna tiltak for å forstå eigarskaps- og kontrollstrukturen i kunden, og desse tiltaka skal dokumenterast. Tilsvarende opplysingar skal innhentast, og eigna tiltak gjennomførast, så langt det passar når kunden er ein stiftelse, eit juridisk arrangement eller ei anna samanslutning, jf. kvitvaskingslova (2018) § 13 første ledd. Kravet til tiltak for å forstå eigarskaps- og kontrollstrukturen i kunden går lenger enn å hente inn opplysingar om reelle rettshavarar. Relevante opplysingar kan vere om føretaket er eit morselskap eller dotterselskap, om føretaket er heileigd eller har svært spreidd eigarskap. Å få lagt fram eit organisasjonskart kan vere eit eigna tiltak (Rørholt, 2018, note 68).

Opplysingane ein hentar inn etter § 13 første ledd bokstav a til e, skal bekreftast etter kvitvaskingslova (2018) § 13 andre ledd. For juridiske personar, vil gyldig legitimasjon vere (Finanstilsynet, 2020, s. 17):

- Oppslag mot eller utskrift av firmaattest som ikkje er eldre enn tre månadar. Dette gjeld føretak som er registrert i Føretaksregisteret. Her er dei fleste norske føretak og selskap, samt utanlandske føretak som driv næringsverksemd i Noreg, registrerte.
- Oppslag mot eller utskrift frå Einingsregisteret som ikkje er eldre enn tre månadar. Dette gjeld einingar som ikkje er registrerte i Føretaksregisteret, men som har plikt eller rett til å registrere seg i Einingsregisteret.
- Oppslag mot eller utskrift frå andre offentlege register. Dette gjeld einingar som ikkje er registrerte i Føretaksregisteret eller Einingsregisteret. Det gjeld i praksis utanlandske føretak som ikkje driv næringsverksemd i Noreg. Då må rekneskapsførarar krevje oppslag mot, eller utskrift frå, utanlandsk offentlig register og eventuelt utanlandsk firmaattest.

Vidare seier § 13 andre ledd at ein skal bekrefte opplysingane om fysiske personar som handlar på vegne av ein juridisk person i samsvar med § 12 andre ledd. Dersom det føreligg ein rett til å handle på vegne av den juridiske personen, skal denne også bekreftast i samsvar med § 12 andre ledd. Det inneberer at fullmaktshavarar og andre som handlar på vegne av kunden, skal bekrefte identiteten sin i tråd med reglane som gjeld stadfesting av fysiske personar sin identitet (Rørholt, 2018, note 70).

Kundetiltaka som blir gjennomført i bedrift B «bygd» når kunden er ein juridisk person, inneberer å bekrefte opplysingane om eigaren eller eigarane sin identitet. Då blir det innhenta opplysingar om kven som representerer selskapet, og det blir kartlagt kven som er eigar. For å bekrefte desse opplysingane, blir det henta inn namn, personnummer og adressa til ein fysisk person, som er eigar av selskapet (Informant i bedrift B).

I bedrift C «bygd» er det ikkje noko særleg forskjell på kundetiltak når kunden er ein fysisk eller juridisk person. Ein får førarkort eller anna legitimasjon ved oppstart av kundeforholdet. (Informant i bedrift C).

Når det gjeld kvitvasking, er det som nemnd i delkapittel 4.1.1 ikkje forskjell i kundetiltaka som blir gjennomført om kunden er ein fysisk eller juridisk person i bedrift A «by». Ein føl med på kontantutbetalingar, som gjerne er meir vanleg når kunden er ein fysisk person. Det

kan vere lettare for fysiske personar å ikkje bli oppdaga om ein driv med kvitvasking, fordi dei ikkje har dei same rapporteringskrava som juridiske personar. Når kunden er ei juridisk eining, skal ein avstemme alt, og det vil difor vere enklare å oppdage ting som kvitvasking (Informant i bedrift A).

Kundetiltak som blir gjennomført når kunden er ein juridisk person, som er aksjeselskapsforma i hovudsak, er innhenting av firmaattest som bekreftar opplysingane om identiteten til kunden (Informant i bedrift D).

4.1.3 Forenkla og forsterka kundetiltak – kvitvaskingslova §§ 16 og 17

Etter kvitvaskingslova (2018) § 9 skal rapporteringspliktige gjennomføre kundetiltak på grunnlag av ei risikovurdering for kvitvasking. Risikoen skal vurderast ut frå blant anna kundeforholdets føremål, mengde kundemidlar som skal inngå i kundeforholdet, storleik på transaksjonar, og regelmessigheita og varigheita på kundeforholdet. Ved å føreta ei risikovurdering, kan ein dela kundane inn i klassar med låg, medium og høg risiko for kvitvasking. Det er i kvitvaskingsforskrifta (2018) § 4-6 gitt moment som tilseier låg risiko for kvitvasking, og i § 4-9 er det gitt moment som kan tilsei høg risiko for kvitvasking. Kunder som er busett i område som ein reknar for å ha høgare risiko, eller kontantbaserte verksemder, er døme på moment som kan tyde på høg risiko for kvitvasking, jf. kvitvaskingsforskrifta (2018) § 4-9.

Dersom det er låg risiko for kvitvasking, kan den rapporteringspliktige gjennomføre forenkla kundetiltak etter kvitvaskingslova (2018) § 16 første ledd. Forenkla kundetiltak kan likevel ikkje gjennomførast dersom den rapporteringspliktige har mistanke om kvitvasking. Etter kvitvaskingslova (2018) § 16 andre ledd kan kravet til stadfesting av reelle rettshavarars identitet og retten til å handle på vegne av kunden etter §§ 12 og 13 lempast ved forenkla kundetiltak. Det same gjeld kravet om å innhente og vurdere nødvendige opplysingar om kundeforholdets føremål og tilsikta art etter §§ 12 og 13 femte ledd. Unntaket for at kundetiltak skal skje før etableringa, er presisert ytterlegare i kvitvaskingslova (2018) § 11 andre ledd der det blir gitt unntak for at stadfesting av kundens og reelle rettshavars identitet kan gjennomførast under etablering av kundeforholdet, dersom etablering er nødvendig for å ikkje hindre den alminnelege forretningsdrifta, og det er låg risiko for kvitvasking. Stadfesting av identitet skal skje så fort som mogleg etter etablering av kundeforholdet.

Dersom det er høg risiko for kvitvasking, skal den rapporteringspliktige gjennomføre forsterka kundetiltak etter kvitvaskingslova (2018) § 17 første ledd. Forsterka kundetiltak inneberer at den rapporteringspliktige skal utføre meir skjerpa tiltak enn det ein ville utført ved låg/medium risiko. Dette gjeld både ved etablering av kundeforholdet, som den rapporteringspliktige sjølv har definert som høg risiko i sin risikovurdering, ved etablering av kundar som er politiske eksponerte personar, eller ved avdekking av forhold som tilseier høgare risiko i den løpande oppfølginga (Finans Norge, 2017, s. 24). Forsterka kundetiltak kan til dømes innebere å hente inn informasjon frå fleire kjelder, mellom anna ved bistand frå ein tredjepart. Det kan også innebere å hente inn meir informasjon om kunden ved å for eksempel søke i opne kjelder. Ved forsterka kundetiltak vil det i tillegg vere sentralt å få meir informasjon om opphavet til kundens midlar (Rørholt, 2018, note 87).

For bedrift B «bygd» inneberer låg risiko for kvitvasking at ein er fullt klar over kven kunden er, og at vedkommande ikkje driv mykje med eksport og import, men både kjøper og sel lokalt og innafor Noreg sine grenser. Bedrift B vurderer låg risiko for ein «heilt vanleg bransje». Dersom ein har med finansverksemdar å gjere, som bedrift B ikkje har i sin kundeportefølje, ville dei tenkt at det innebar større risiko og dei ville ha sett i verk forsterka kundetiltak. Det same gjeld dersom kunden driv i ein bransje som dei ikkje skjønner eller er komfortabel med (Informant i bedrift B). Dagleg leiar i bedrift B meiner høg risiko for kvitvasking inneberer at dei har mykje med andre land å gjere, og informanten refererer til ei liste Finanstilsynet har laga som trekk fram enkelte land som utgjer større risiko for kvitvasking. Dersom kunden hadde handla med nokre av desse landa, så kunne det vore risikabelt. Det kan også vera utanlandske statsborgarar som ein ikkje kjenner til eller kjenner bakgrunnen til, og det kan vera ein høgare risiko. Ved høg risiko ville bedrift B oftare oppdatert risikovurderinga av eksisterande kundar, og ved nye kundeforhold ville dei ha kontakta tredjeperson, som til dømes bankar, for å få meir informasjon. Det er ein situasjon bedrifta ikkje har vore i før (Informant i bedrift B).

Dagleg leiar i bedrift C «bygd» meiner at låg risiko for kvitvasking inneberer at ein kjenner kunden, og at den driv innafor ein bransje der det er liten fare for kvitvasking, og der det er liten grad av kontantar og kreditnota. Ved forenkla kundetiltak blir det henta inn legitimasjon av kunden (Informant i bedrift C). Høg risiko for kvitvasking er når bedrift C ikkje kjenner vedkommande, at kunden kanskje er utanlandsk og det er mykje kontant. Ved forsterka kundetiltak ville også dei ha kontakta tredjepersonar som tidlegare revisor, rekneskapsførar og

likande. Dersom dei ikkje har hatt nokon tidlegare, ville dei kanskje tatt kontakt med offentlege myndigheiter som Skatteetaten (Informant i bedrift C).

Kvitvaskingsansvarleg i bedrift A «by» meiner at låg risiko for kvitvasking inneber at alle transaksjonar er sporbare, og at dei ikkje har nokon politisk tilknytte personar, slik at ein kan risikere at dei blir pressa til å gjere lovbrøt. Kundetiltaka dei gjennomfører, er å ha dei tilsette godt skulert med tanke kva dei må sjå etter. Det er viktig for verksemda å ha gode rutinar rundt å passe på kontantbeholdningar og liknande. Det viktigaste kundetiltaket er å få ting automatisert. Ting skal vera sporbare, og enkelte tiltak kan vera å seie: «for at vi skal kunne føre rekneskapet ditt, så kan ikkje du ha tilgang til kontoen». Eit anna forenkla tiltak er at bedrift A sender ut eit månadleg skriv til kundane om å vera obs på forskjellige ting. Bedrifta får ofte meldingar frå sentrale myndigheiter om selskap og forsøk på svindel, som dei då flaggar ut til kundane og internt (Informant i bedrift A). Høg risiko inneberer for bedrift A at kundane har transaksjonar med utlandet, og sporbarheita er vanskelegare. Tiltaket der er å sjå på leverandørane, undersøke om dei er seriøse, at organisasjonsnummeret stemmer, eller at selskapsregisteret stemmer med det som er oppgitt. Dei har ikkje eksempel på situasjonar som dei har opplevd sjølve på kontoret, men dersom det skulle oppstå, ville informanten ha teke opp dialog med Økokrim for råd og hjelp frå dei (Informant bedrift A).

Dagleg leiar i bedrift D «by» meiner at låg risiko for kvitvasking inneberer at dei kjenner kunden, og at verksemda er i ein kjend bransje og i eit kjent område der økonomien er oversikteleg. Ein kjenner både kundar og leverandørar, og jobbar i ein lokal marknad. Tiltaka dei gjennomfører er å få kjennskap til verksemda og bekreftar kopi av legitimasjon. Det første bodet i bedrift B er «kjenn din kunde», i tillegg til at det er viktig for bedrift B at dei kjenner kunden sin private økonomi. Informanten nyttar eit utsegn frå Finanstilsynet: «du skal tru det før du ser det». Ein skal tenka tanken, sjølv om ein ikkje ser moglegheita av at det skjer ulovlege ting. Dersom det dukkar opp mistenksame ting undervegs, vil dei gjere nærare undersøkingar og rapportere det til Økokrim (Informant i bedrift D). Høg risiko inneberer for bedrift D at det er bransjar og områder som er meir utsette for kvitvasking. Dei har laga eigne rutinebeskrivingar for førebygging og avdekking av kvitvasking, dersom dei har mykje med utanlandske og spesielt bestemte bransjar å gjere. Dei har tilpassa ein mal frå Regnskap Norge til deira kontor, slik at det blir meir relevant for bedrifta deira. Bedrift D har ingen kundar som har høg risiko, og ville ha avslutta kundeforholdet dersom selskapet hadde hatt mange utanlandske forgreiningar (Informant bedrift D).

4.1.4 Løpande oppfølging av kundeforhold – kvitvaskingslova § 24

Autoriserte rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap skal løpande følgje opp kundeforhold etter kvitvaskingslova (2018) § 24 første ledd. Det inneberer mellom anna å overvake at transaksjonar som blir utført i kundeforholdet, er i samsvar med opplysingane ein har henta inn om kunden, kundens verksemd og risikoprofil, samt opphavet til midlane og kundeforholdets føremål og tilsikta art. Dette må difor bli sett i samanheng med informasjonen som vart innhenta ved gjennomføring av risikovurdering og kundetiltak (NOU 2016:27, s. 225). Autoriserte rekneskapsførar har til dømes plikt til å reagere dersom det plutselig blir overført større beløp frå ein bankkonto som lenge har vore passiv (Rørholt, 2018, note 98).

Som ledd i løpande oppfølging, seier kvitvaskingslova (2018) § 24 andre ledd vidare at ein skal jamleg gjennomføre kundetiltak. Kor ofte «jamleg» er, må vurderast etter ei risikobasert tilnærming og kundens åtferd. Ein kan ikkje velje å aldri gjennomføre kundetiltak overfor eksisterande kundar. Det er heller ikkje tilstrekkeleg at ein berre gjennomfører kundetiltak når det er tvil om tidlegare innhenta informasjon er korrekt eller tilstrekkeleg (NOU 2016:27, s. 225).

Informasjonen om kunden må vere oppdatert og korrekt for å kunne sikre tilstrekkeleg løpande oppfølging. Det autoriserte rekneskapsførarselskapet må sjå til å ha nødvendig kunnskap om kunden, for å kunne vurdere og setje i verk kundetiltak, og handtere risikoen som den enkelte kunde utgjer. For å oppdage avvikande eller endra åtferd, nye eigar- eller selskapsstrukturar eller endring av tenester, må ein også følgje med på kundens aktivitet (Finanstilsynet, 2020, s. 25).

Den løpande oppfølginga av kundane, kan føre til at rekneskapsførar får eit anna risikobilete av kunden enn det opphavlege. Det kan vere at omsetninga er unormalt høg, eller at det blir handla med område, organisasjonar eller produkt som er uvanlege. Konkrete hendingar som rekneskapsførar blir kjend med, kan også endre risikobilete. Slike forhold kan også utløyse ei undersøkingsplikt og eventuell rapporteringsplikt (Finanstilsynet, 2020, s. 25).

Det skal dokumenterast at plikta til løpande oppfølging er oppfylt etter kvitvaskingslova (2018). Viss risikobiletet for kunden ikkje er endra, og risikoen for at kunden er involvert i kvitvasking blir vurdert til å vere den same som då kundeforholdet vart etablert, blir plikta til løpande oppfølging av kundeforhold oppfylt ved at det jamleg blir konstatert at det ikkje er forhold som tilseier anna risikovurdering. Ein må likevel kontrollere at opplysingane som er registrert om kunden, fortsatt er riktige (Finanstilsynet, 2020, s. 25 – 26). I samsvar med GRFS

punkt 7.1, skal oppdragsansvarleg eller ein annan autorisert rekneskapsførar minst ein gong i året kontrollere at oppdragsavtalen og krav gitt i eller i medhald av lov, blir etterlevd for kvar oppdragsgivar. I tilfelle der det blir konstatert at det ikkje er forhold som tilseier ei anna risikovurdering enn den opphavlege, kan den løpande oppfølginga skje minst éin gong i året ved den overordna interne kontrollen på oppdragsnivå som følgjer av GRFS punkt 7.1. Då må oppdragsansvarleg rekneskapsførar sikre at pliktene som følgjer av kvitvaskingslova (2018) blir oppfylt (Finanstilsynet, 2020, s. 26). I 2017 hadde Finanstilsynet stadleg tilsyn hjå 16 rekneskapsførarselskap, og kontrollerte oppdragsutføringa til 36 oppdragsansvarlege ved kontroll av 60 oppdrag. Resultatet viste at det ikkje var gjennomført overordna intern kontroll i samsvar med krava i 67 % av dei kontrollerte oppdraga (Finanstilsynet, 2018, s. 6).

Bedrift B «bygd» har ein overordna intern kontroll ein gong i året for kvar kunde. Som eit punkt på sjekklista i kontrollen, står det at ein skal vurdere om den risikovurderinga som er gjort tidlegare framleis stemmer, og om opplysingane om klienten er á jour. Rutinen i bedrifta tilseier at dette skal sjekkast éin gong i året (Informant i bedrift B).

Som ledd i løpande oppfølging, ser bedrift C «bygd» på mistenksame transaksjonar, herunder kontantutbetalingar og kreditnota. Kundetiltak som ledd i løpande oppfølging blir gjennomført etter behov (Informant i bedrift C).

Bedrift A «by» har i likeins med bedrift B ein årleg kontroll, som blir gjennomført på alle kundar, der det blir sett både på interne rutinar og kundens rutinar. Det blir gjort på alle kundar årleg, og to gonger i året på nokre kundar. Då ser ein ikkje berre på det som går på kvitvasking, men også på ting som om saksbehandlar gjer alt den skal i forhold til interne rutinar i bedrift A. Etter denne gjennomgåande kontrollen blir det utarbeida ein rapport som også blir sendt til saksbehandlar, som då eventuelt må forbetre rutineane sine (Informant i bedrift A). Årleg risikovurdering er ei av oppgåvene som skal gjennomførast på alle kundane. Det er ei heilskapleg vurdering, der kunden blir vurdert til å ha låg, medium eller høg risiko for kvitvasking (Informant i bedrift A).

I samband med årsavslutninga, går oppdragsansvarlege i bedrift D «by» igjennom risikoklassifiseringa av kundane, og har ei opprydding i kundebasen sin. Kundane blir klassifisert etter låg, medium og høg risiko for kvitvasking. Nokre kundar kan ha verksemder innafor bransjar der det kan oppstå kvitvasking, og tett oppfølging av kundane kan redusere risikoen og hindre kvitvasking. Den årlege gjennomgangen er minimumskravet, og for ei lukka verksemd med berre lokale kundar, der ein kjenner næringsverksemda godt, så er det i

hovudsak berre den årlege gjennomgangen. I tillegg er det rutine at det blir gjort løpande vurderingar gjennom året, i samband med mistenksame transaksjonar. Dersom kunden kjøper tenester frå andre som den normalt ikkje har forretningsmessig omgang med, eller ein ikkje ser logikken i pengestraumen, så må ein ta ein ekstra førespurnad (Informant i bedrift D).

Regnskap Norge har inntrykk av at rekneskapsførarselskapa følgjer opp med kundetiltak og løpande oppfølging etter beste evne. Det kan verke som at det er utfordrande å formidle forståinga av kva ein skal sjå etter for urøynde rekneskapsførarar (Informant i Regnskap Norge).

4.2 Kven er det som gjennomfører kundetiltak?

Vidare tek vi føre oss det første delspørsmålet; Kva for rekneskapsførarar gjennomfører kundetiltak?

Rapporteringspliktige skal gjennomføre kundetiltaka etter kvitvaskingslova (2018) §§ 9 og 10. Som nemnd i delkapittel 2.2, gjeld kvitvaskingslova (2018) for autoriserte rekneskapsførarar og autoriserte rekneskapsførarselskap, jf. kvitvaskingslova (2018) § 4 andre ledd bokstav b. Alle tilsette i eit rekneskapsførarselskap, også ikkje-autoriserte rekneskapsførarar, er underlagt kvitvaskingslova, så lenge dei jobbar med eksterne kundar i selskapet (Informant i bedrift A).

Det blir i kvitvaskingslova (2018) § 4 fjerde ledd presisert at når rapporteringspliktige fysiske personar (autorisert rekneskapsførar) er tilsett i rapporteringspliktige juridiske personar (autorisert rekneskapsførarselskap), er det berre den juridiske personen som er underlagt reglane i lova om risikovurdering, rutinar, internkontroll, opplæring og varsling. Det inneberer at det ikkje er den enkelte tilsette som har sjølvstendig plikt til å gjennomføre desse punkta, men det er plikter som skal gjennomførast på føretaksnivå. Ein autorisert rekneskapsførar er for eksempel ikkje ansvarleg for å gjennomføre risikovurdering og ha skriftlege rutinar, det er det autoriserte rekneskapsførarselskapet som er ansvarleg for at desse punkta er på plass (Rørholt, 2018, note 37).

I rundskrivet frå Finanstilsynet blir det også vist til at nokre av pliktene i kvitvaskingslova (2018) gjeld på «føretaksnivå», medan andre plikter skal oppfyllest på «oppdragsnivå». Gjennomføring av risikoklassifisering av den aktuelle kunden, og gjennomføring av innleiande kundetiltak og løpande oppfølging, er eksempel på oppgåver som må utførast på «oppdragsnivå», det vil seie av den som er oppdragsansvarleg på vegne av selskapet. Det er

også oppdragsansvarleg og medarbeidarane som må gjere nærare undersøkingar av forhold som kan indikere at kunden er involvert i kvitvasking, medan det er rekneskapsførarselskapet som skal rapportere til Økokrim (Finanstilsynet, 2020, s. 4).

Fleire av pliktene gjeld på føretaksnivå, altså for rekneskapsførarselskapet. Det inneberer at alle tilsette i selskapet, også dei utan autorisasjon, skal følgje rutinane og medverke til at krava i kvitvaskingsregelverket blir oppfylt i samsvar med det. Dei som er utan autorisasjon vil likevel ikkje kunne vere ansvarleg for dette, ettersom oppdragsansvarleg skal vere autorisert. I lova er det ikkje gitt eksplisitte krav om kven som skal gjennomføre kundetiltak, og det vil difor vere opp til det enkelte rapporteringspliktige rekneskapsførarselskapet å vurdere kven som skal gjennomføre kundetiltak når dei utarbeidar sine rutinar, som er tilpassa verksemdas risiko (Informant i Regnskap Norge). Etter Regnskap Norge sine vurderingar, vil kundetiltak ved etablering av nye kundeforhold ofte ligge hjå oppdragsansvarleg eller dagleg leiar, medan løpande oppfølging vil utførast av alle som er involverte i det enkelte oppdrag, med mindre rutinane i selskapet seier noko anna.

Kundetiltak på nye kundar blir gjennomført av dagleg leiar, som også er kvitvaskingsansvarleg, i bedrift B «bygd». Det blir gjort i samband med samtale med nye kundar. Kvitvaskingslova (2018) gjeld alle som er tilsette og jobbar med rekneskap, men dersom nokon tilsette oppdagar noko mistenksamt, kontaktar dei kvitvaskingsansvarleg. Alle autoriserte rekneskapsførarar på kontoret vurderer fortløpande om ting er á jour og slikt, men det å vere merksam på mistenksame transaksjonar gjeld alle tilsette (Informant i bedrift B).

I bedrift C «bygd» er det dagleg leiar som inngår oppdragsavtalar, men det kan også vere andre autoriserte rekneskapsførarar med. Det er anten dagleg leiar eller ein autorisert rekneskapsførar som utfører kundetiltaka, og dei ikkje-autoriserte er ikkje med på det (Informant i bedrift C).

I bedrift A «by» er det både autoriserte og ikkje-autoriserte rekneskapsførarar som gjennomfører kundetiltak. Viss det blir oppdaga noko mistenksamt, kan kundetiltaka bli direkte initiert av ein rekneskapsførar som ikkje er autorisert. Om det ikkje blir oppdaga av rekneskapsførar, seier rutinane i bedrift A at dei autoriserte skal kontrollere slike ting på den overordna kontrollen som dei har ein eller to gonger i året. Då er det den autoriserte rekneskapsføraren som set i verk, eller ber om å få sett i verk, tiltak på ein del ting. Det er i utgangspunktet dei autoriserte som gjennomfører dei årlege overordna interne kontrollane på oppdragsnivå. Dersom det då er tiltak som krev for eksempel kundetiltak, blir gjerne kvitvaskingsansvarleg involvert i det (Informant i bedrift A).

Tilsette utan autorisasjon i bedrift D «by» er kundekonsulentar eller rekneskapskonsulentar, og dei arbeidar under klare retningslinjer frå kvitvaskingsansvarleg. I første omgang er det gjerne kundekonsulenten som tek seg av nye kundeoppdrag. Det er klare rutinar i bedrift D i forhold til korleis ein tek i mot nye kundar, herunder gjennomgang av rutinar, kundar som skal signere oppdragsavtalar og fullmakter, bekrefte kopi av legitimasjon og gjennomgang av kundens særpreg. Kundekonsulenten gjennomfører kundetiltak ved etablering av heilt ordinære kundeforhold, medan kvitvaskingsansvarleg, som er dagleg leiar, signerer på oppdragsavtalar og fullmakter (Informant i bedrift D).

4.3 Er det forskjell i haldning og utføring av kundetiltak i by og bygd ?

Til slutt vil vi presentere funna rundt det andre delspørsmålet; Er det ein forskjell i haldning og utføring av kundetiltak i by og bygd?

Som nemnd i delkapittel 2.4, blir det i rundskriv (15/2019) frå Finanstilsynet trekt fram at nærleik til kunde kan auke sårbarheita for at rekneskapsførarar ikkje gjennomfører alle pliktige kundetiltak. Eksempel på at det er ein nærleik til kunde, er at rekneskapskontoret blir driven på ein mindre stad, der ein kjenner kunden i privat samanheng eller som følgje av forretningssamarbeid. Knapp kundetilgang kan også vere ein sårbarheit, viss det fører til at ein ikkje gjennomfører alle pliktige kundetiltak fordi ein er redd for å miste inntekt (Finanstilsynet, 2020, s. 9).

Vi har spurt dei ulike bedriftene om kva dei meiner om det nye kvitvaskingsregelverket når det gjeld rekneskapsførarar si plikt til å gjennomføre kundetiltak, og om dei har gått igjennom rundskriv (15/2019) frå Finanstilsynet. Rundskrivet er altså ei rettleiing om rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap si etterleving av kvitvaskingsregelverket. Dagleg leiar og kvitvaskingsansvarleg i bedrift B «bygd» meiner det nye kvitvaskingsregelverket i praksis er ekstra arbeid, og nok ei dokumentasjonsoppgåve som ein er pålagt å gjere. På mindre stader arbeidar ein i relativt oversiktlege miljø, men små bedrifter kan òg vere involvert i kvitvasking. Slik dokumentasjonskravet er no, så er det litt som å skyte sporv med kanon (Informant i bedrift B). Bedrift B har ikkje gått igjennom rundskrivet frå Finanstilsynet som kom etter at dei allereie hadde laga rutinar, og vil difor etterkvart sjekke rutinane sine opp mot rettleiaren. Bedrift C «bygd» har heller ikkje gått igjennom rundskrivet frå Finanstilsynet. Dei hadde ein runde på kvitvaskingsregelverket for 5-6 år sidan, og har ikkje gjort noko nytt etter den nye lova og rettleiaren kom. Ettersom rettleiaren er relativ fersk, vil bedrift C vente til den har «sett seg»

litt, før det blir brukt tid på den. Dagleg leiar i bedrift C meiner den nye lova har ikkje stor betydning for dei, og er trygg på at kundane deira ikkje driv med kvitvasking (Informant i bedrift C).

Kvitvaskingsansvarleg i bedrift A «by» meiner det nye lovverket er meir konkret, der rekneskapsførarselskapa blir stilt litt meir til ansvar. Det kan potensielt få opp seriøsiteten i bransjen og fjerne useriøse konkurrentar. Bedrift A gjekk igjennom rundskrivet frå Finanstilsynet når det kom, og dei har som rutine at alle nye tilsette må sjå ein video som tek opp desse punkta, og så må dei i tillegg svare på spørsmål i etterkant for å vise at dei har følgd med (Informant i bedrift A). Dagleg leiar og kvitvaskingsansvarleg i bedrift D «by» seier plikta til å gjennomføre kundetiltak er eit lovpålagt krav, og difor noko ein må gjennomføre uavhengig av kva ein meiner om det. Dei har eit avslappa forhold til det, fordi det er ein viktig del av jobben deira. Bedrift D har også gått igjennom rundskrivet (15/2019) frå Finanstilsynet, og dei har halde eit internkurs om emnet. Dagleg leiar og kvitvaskingsansvarleg meiner rettleiinga både er klargjerande og praktisk tilnærma, i tillegg til at det er lett tilgjengeleg. Etersom lova er så brei, er det bra den er spesifikk for rekneskapsførarar (Informant i bedrift D).

Regnskap Norge meiner den nye kvitvaskingslova kom raskt og med lite rettleiing frå myndigheitene. Rettleiinga frå Finanstilsynet var lova i lang tid, og kom ikkje før på ettermiddagen 23. desember i 2019, som vil seie 1 år og 2 månadar etter lova vart sett i kraft. Regnskap Norge meiner det er uheldig at rettleiinga kom så seint, og at etterlevinga av regelverket kan ha blitt utsett og kome seint i gong, i påvente av rundskriv (15/2019). Ein opplevde at rekneskapsførarane tok tak og tilpassa seg endringane i forhold til tidlegare regelverk når det blei sett fokus på det (Informant i Regnskap Norge). Regnskap Norge opplevde stor pågang av spørsmål også etter rettleiinga kom og det blei varsla om kontroll. Den nye kvitvaskingslova fokuserer meir på, og strammar ytterlegare inn på, formelle forhold, men den lukkast ikkje betre i å fremje lovas eigentlege føremål; å førebygge og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering (Informant i Regnskap Norge).

Vi har også spurt dei ulike bedriftene om kva tankar dei har rundt temaet om nærleik til kunde, om dei trur det kan vere forskjell i utføringa av kundetiltak i by og bygd, og om dei har nokre tiltak for å hindre at nærleik til kunde skal påverke deira utføring av kundetiltak. Dagleg leiar og kvitvaskingsansvarleg i bedrift B «bygd» seier det er mogleg at rekneskapsførarar ikkje gjennomfører alle pliktige kundetiltak når ein kjenner kunden, fordi då stolar ein meir på

vedkommande og kan gå glipp av noko ein burde ha reagert på. Dersom ein ikkje kjenner kunden, som er meir tilfellet i ein by, er ein kanskje meir nøyen, og det kan tenkast at det blir brukt meir tid på kundetiltak der (Informant i bedrift B). Informanten synst det kan vere litt dumt å spørje om kopi av førarkortet til nokon ein har kjent i mange år, men dei fleste respekterer at lova er slik. I bedrift B prøver dei å fordele oppgåvene på kontoret slik at ein ikkje fører rekneskapen for dei ein kjenner best, for å unngå at ein blir påverka av nærleik til kunden. Samstundes er det slik at ein gjerne får oppdraga fordi ein kjenner kunden, og då ønskjer kunden å ha den rekneskapsføraren den kjenner best (Informant i bedrift B).

Informant i bedrift C «bygd» meiner det ikkje er ei ulempe med nærleik til kunden, men utelukkande positivt, og at det handlar meir om haldningar hjå rekneskapsføraren. På bygda kjenner ein stort sett til kven ein har med å gjere, og det gjeld ofte mindre beløp og mindre verksemdar. Det er på større plassar og i større verksemdar det verkeleg skjer kvitvasking og terrorfinansiering, gjerne der det er internasjonalt. Informanten meiner det kan vere forskjell i kundetiltaka som blir gjennomført på større og mindre plassar, nettopp fordi det er forskjell på om ein fører rekneskapen for eit internasjonalt firma, som omset for hundre millionar og ein kjenner ikkje til kven eigarane er, og om ein fører rekneskapen for søskenbarnet sitt som er snikkar og omset for ein halv million (Informant i bedrift C). Bedrift C har ikkje nokre spesielle tiltak for å hindra at nærleik til kunde skal påverka dei, men dei har ein instruks som seier at dei tilsette skal gå til dagleg leiar med ting knytt til kvitvasking og mistenksame transaksjonar. Dersom den tilsette føler seg ukomfortabel med det, kan den gå forbi dagleg leiar. Det kan vere at den tilsette arbeidar med eit selskap som dagleg leiar kanskje har ein eller annan relasjon til, og den tilsette ønskjer difor ikkje å ta dette opp med dagleg leiar, og då er det greitt å gå forbi. Viss rekneskapsføraren har rett haldning, og ser at kunden har byrja med noko som ikkje er bra, må ein med det same informere kunden om at det ikkje er greitt (Informant i bedrift C).

Kvitvaskingsansvarleg i bedrift A «by» meiner at forskjellen på kva som blir gjort av kundetiltak i større og mindre rekneskapsførarselskap, er større enn forskjellen på større og mindre stad. I eit stort selskap har ein folk som kontrollerer kundeforholdet og folk internt i selskapet. Ein kan ikkje gøyme seg vekk med å vere grei med naboen, sjølv om det er på bygda. I eit mindre selskap på ein mindre stad, kan det vere vanskelegare å etterprøve at ting blir gjort skikkeleg, og då er ein avhengig av tilsynsmyndigheiter som kjem inn og går igjennom rutinane. I eit stort selskap kan det på godt og vondt vere at dei tilsette ikkje har den same eigarskapen og lojaliteten til selskapet, samanlikna med eit mindre selskap på ein mindre stad. Informanten trur det skjer meir i byane, men det kan vere at det blir lettare oppdaga, fordi det

blir prioritert å ha tilsyn med rekneskapsførarselskapa der (Informant i bedrift A). Ved tilsetjing går bedrift A nøye igjennom referansar og studiestad, for å sikre at nye tilsette har reine tankar om å jobbe i eit rekneskapsbyrå. Det er kontinuerleg fokus på kvitvasking, i tillegg til at det blir tydeleg kommunisert at det er nulltoleranse for det i leiinga og styret. Viss kunden ber rekneskapsfører om å gjere noko ulovleg, blir vedkommande kutta ut. Informanten meiner at dette er fordelene med å ha «musklar» - ein mistar ikkje jobben på grunn av at ein seier opp ein kunde, og ein er difor ikkje like sårbar når ein er eit stort selskap. På den andre sida, dersom du melder ein av kundane dine til Økokrim på bygda, er det større risiko for deg personleg, fordi kunden kan gå konkurs og 30 personar du kjenner mistar jobben. I byen spelar det ei mindre rolle, då du ikkje har den same nærleiken til kunden. I eit stort selskap med 600-700 tilsette, kan ein avsette éin tilsett til å ha fokus på kvitvasking og kontroll av slike ting. I eit mindre selskap med tre tilsette som må jobbe overtid, er ikkje dette noko som er like høgt prioritert. Informanten trur det difor er større forskjell for lite og stort rekneskapsførarselskap, enn det er i by og bygd, i forhold til risiko for at ein bryt kvitvaskingslova (2018). Store rekneskapsførarselskap er meir utsatt for å bli kontrollert av tilsynsmyndigheiter enn mindre rekneskapsførarselskap, og mindre selskap kan difor ta større risiko. Det er viktig med rutinar og prosessar for å sikre at det er fleire som sjekkar kundane og det som går på kvitvasking (Informant i bedrift A).

Dagleg leiar og kvitvaskingsansvarleg i bedrift D «by» meiner det både kan vere ein fordel og ulempe med nærleik til kundane. I by er det mindre sannsynleg å få nære relasjonar til kundane enn det er på små plassar, og då kan ein gjerne vere tøffare. På bygda kan ein ha ulike relasjonar til kundane som ikkje er heilt bra, samstundes som ein kjenner kunden og kjenner til ulike risikoar. Informanten meiner at risikoen for å bli brukt i kvitvasking ror meir på om ein har kundar som er store og tunge økonomisk, og som difor har makt over rekneskapsførarselskapet. Slike kundar kan ein ha både i by og bygd, og det er difor ein fordel å ha ei kundeportefølje der ein ikkje er heilt avhengig av nokon spesielle. Det er viktig med trygge rekneskapsførarar som torer å stå for ting (Informant i bedrift D). I bedrift D prøver dei å la vere at ein har oppdragsansvaret for kundar ein kjenner. Enkelte kundar kan krevje å ha nokon dei kjenner som saksbehandlar, og det kan gå bra dersom det i tillegg er ein oppdragsansvarleg som er heilt uavhengig og som kan sjå på rekneskapen med meir objektive auger. I bedrift D skil ein ikkje på kundetiltaka for kundar som ein har ein relasjon til, fordi kundetiltaka skal vere heilt uavhengige. Som informanten i bedrift A også nemner, er det ein fordel å vere fleire på eit

kontor, slik at fleire kan sjå på sakene. Det er viktig å ha ryddigheit i forhold til relasjonar, og det er noko som mellom anna blir teke opp på møter i selskapet (Informant i bedrift D).

Regnskap Norge har ei oppfatning av at i ei bygd, der alle kjenner alle, veit ein ofte meir om fleire og kan ha meir informasjon om for eksempel kriminelle miljø, slik at tiltaka kan rettast inn der det er mest aktuelt. Det føreset at rekneskapsførarar er seriøse og lojalt følgjer lover og reglar, noko dei oppfattar at mange gjer. Regnskap Norge har kjennskap til at rekneskapsførarar på mindre stader seier frå seg oppdrag for «kjente» personar i nærmiljøet, fordi dei ikkje innrettar seg etter lover og reglar (Informant i Regnskap Norge).

4.4 Oppsummering

Vi ser på det som føremålstenleg å gi ei oppsummering av funna våre og dele desse inn etter informantane, særleg i forhold til å sjå likheiter og ulikheiter i selskapa. Første kolonne syner kva delkapittel som blir oppsummert.

	Bedrift A by	Bedrift D «by»	Bedrift B bygd	Bedrift C bygd
4.1	Kundetiltak ved oppstart av kunde-forholdet, og hentar inn legitimasjon på alle nye kundar. Er alltid vaken for kontant-overføringar.	Gjer seg kjend med kunden, verksemda og tidlegare rekneskapsførar. Brukar god tid i kundemøtet ved nye oppdrag.	Hentar inn informasjon som namn, adresse og personnummer, og bekreftar identitet med kopi av førarkort.	Nyttar skjema frå Regnskap Norge når ein får nye kundar, og kunden blir risikovurdert. Skjemaet seier kva tiltak ein skal gjere.
4.1.1	Når kunden er ein fysisk person, blir det gjennomført id-kontroll og teke kopi av legitimasjon ved oppstart av kunde-forholdet. Det er særleg viktig å følgje med på kontantutbetalingar, for å skilje kva som er privat og kva som gjeld føretaket.	Når kunden er ein fysisk person, blir identiteten til alle eigarane bekrefta med legitimasjon.	Når kunden er ein fysisk person, f.eks. enkelt-personføretak, blir opplysingane henta inn og bekrefta som i boksen over.	Når kunden er ein fysisk person, bekreftar ein identiteten med legitimasjon ved oppstart av kunde-forholdet.

4.1.2	Når kunden er ein juridisk person, er det ikkje forskjell i kundetiltaka som blir gjort. Ein får legitimasjon ved oppstart av kunde-forholdet.	Når kunden er ein juridisk person, blir det henta inn firma-attest som bekreftar opplysingane om identiteten til kunden.	Når kunden er ein juridisk person, blir opplysingane om eigar(ar), som er fysiske personar, bekrefta med legitimasjon. Kartlegg eigar og kven som representerer selskapet.	Når kunden er ein juridisk person, blir identiteten til eigar(ar) bekrefta med legitimasjon ved oppstart av kunde-forholdet.
4.1.3	Tiltak i bedrifta for å hindre og avdekke kvitvasking, er å ha godt skolerte tilsette, gode rutinar, automatisering av kundar, sende ut månadleg skriv til kundane om ting ein må vere merksam på, undersøking av leverandørar, undersøking av org.nummer og opplysingar i selskapsregisteret. Skulle det oppstå ein situasjon, ville dei kontakta Økokrim.	Bedrifta har laga rutinebeskrivingar for førebygging og avdekking av kvitvasking, etter mal frå Regnskap Norge. Bedrifta ville ha avslutta kunde-forholdet, dersom det var mange utanlandske forgreiningar og andre faktorar som utgjer høg risiko for kvitvasking.	Ved høg risiko, ville bedrifta oppdatert risiko-vurderinga av eksisterande kundar oftare. Ved nye kunde-forhold, ville dei ha kontakta tredjeperson, f.eks. bankar, for å få meir informasjon om kunden.	Ved høg risiko og behov for forsterka kundetiltak, ville dei ha kontakta tredjepersonar, som f.eks. tidlegare revisor eller rekneskaps-førar, evt. andre offentlege myndigheiter.
4.1.4	I forhold til løpande oppfølging, blir det gjennomført ein kontroll på alle kundar, som ser på interne rutinar og kundens rutinar, éin eller to gonger i året. Det blir også	Ein går igjennom risikovurderinga av kundane og har ei opprydding i kundebasen i samband med årsavslutninga. Årleg gjennomgang er minimums-kravet. Det er i	Ein overordna internkontroll for kvar kunde, éin gong i året. Går då over risiko-vurderinga og opplysingane om kunden i samband med kontrollen.	I forhold til løpande oppfølging, føl bedrifta med på mistenksame transaksjonar; kontantutbetalingar og kreditnota. Det blir gjort etter behov.

	utført årleg risikovurdering av alle kundane.	tillegg rutine at det blir gjort løpande vurderingar heile året, i samband med mistenksame transaksjonar.		
4.2	Alle tilsette utfører kundetiltak. Ved mistanke, kan dei bli direkte initierte av ikkje-autoriserte rekneskapsførarar. På den årlege kontrollen, skal dei autoriserte rekneskapsførarane kontrollere for at slike ting er utført.	Kundekonsulentar tek seg gjerne av nye kundeoppdrag og utfører kundetiltak ved etablering av ordinære kunde-forhold. Dagleg leiar og kvitvaskingsansvarleg signerer på oppdragsavtalar og fullmakter.	Dagleg leiar og kundeansvarleg gjennomfører kundetiltaka i samband med nye kundar. Alle tilsette skal vere merksame på mistenksame transaksjonar, og tek det vidare til dagleg leiar om det er noko. Alle autoriserte rekneskapsførarar vurderer fortløpande om ting er á jour.	Dagleg leiar inngår oppdragsavtalar, men andre autoriserte rekneskapsførarar kan vere med på å gjennomføre kundetiltaka. Dei utan autorisasjon gjennomfører ikkje kundetiltak, og går til dagleg leiar om det er noko.
4.3	Det nye lovverket er meir konkret, og kan få opp seriositeten i bransjen. Bedrifta gjekk igjennom rundskriv (15/2019) frå Finanstilsynet når det kom.	Bedrifta har eit avslappa forhold til plikta til å utføre kundetiltak etter den nye lova, fordi det er ein viktig del av jobben deira. Rundskrivet frå Finanstilsynet er gått igjennom, og dei har halde internkurs om emnet.	Det nye lovverket er i praksis ekstra arbeid, og bedrifta har ikkje gått igjennom rundskrivet frå Finanstilsynet.	Det nye lovverket har ikkje stor betyding for bedrifta, og dei har ikkje gått igjennom rundskrivet frå Finanstilsynet.
4.3	Forskjellen på kva som blir gjort av kundetiltak i større og mindre selskap, er større enn forskjellen på	Det er både fordel og ulempe med å drive på bygda. Ein kjenner ulik risiko, samstundes som ein kan lettare få	Når ein kjenner kunden, kan ein gå glipp av noko som ein burde ha sett. Det blir gjerne brukt meir	Nærleik til kunde er ikkje ei ulempe, og det handlar om haldning hjå rekneskapsføraren. Oppdagar ein at

	større og mindre stad. Likevel er det nok større risiko for deg personleg, dersom du melder ein kunde på bygda til Økokrim, og kunden går konkurs.	personleg relasjon til kundane. Risiko for å bli brukt i kvitvasking er gjerne knytt til om ein har kundar som er store og tunge økonomisk, som kan få makt over selskapet.	tid på kunde-tiltak i by, der ein ikkje kjenner kunden så godt.	kunden har begynt med noko som ikkje er bra, så seier ein i frå. Kvitvaskinga skjer på større stader og i større selskap, så det er nok ulik utføring av kunde-tiltak på større og mindre stad.
--	--	---	---	---

Tabell 2 – Oppsummering av funn

5 Drøfting

I dette kapitlet skal vi drøfte funna våre som vi har presentert i kapitlet over. Her skal vi analysere primærdata som er henta inn gjennom djupneintervju, og drøfte denne empirien opp mot den juridiske teorien som er lagt fram. Vi tek utgangspunkt i informasjonen som vi har fått i intervju, med atterhald om at rekneskapsførarselskapa ikkje har opplyst om alle sine rutinar og kundetiltak.

5.1 Kva for kundetiltak skal gjennomførast, og kva blir gjort?

Felles for alle rekneskapsførarselskapa, er at dei gjennomfører kundetiltak ved etablering av kundeforhold, i samsvar med kvitvaskingslova (2018) § 10 første ledd bokstav a. Når rekneskapsfører har inngått skriftleg oppdragsavtale, så er kundeforholdet etablert, jf. kvitvaskingsforskrifta (2018) § 4-1 tredje ledd og regnskapsførerlova § 3. Alle rekneskapsførarselskapa vi har intervju hentar inn og bekreftar identiteten på nye kundar med legitimasjon, i tillegg til at dei har gjennomført ID-kontroll på eksisterande kundar som dette ikkje har blitt gjort på tidlegare. Informanten i bedrift D «by» legg også vekt på at det er særleg viktig å gjere seg kjend med kunden og bruke god tid i det første kundemøtet. Det er i tråd med «kjenn-din-kunde-prinsippet», og som nemnd i delkapittel 2.4, er det eit grunnleggande prinsipp i kvitvaskingsregelverket.

I samsvar med kvitvaskingslova (2018) § 10 første ledd bokstav c, har alle rekneskapsførarselskapa sagt at alle tilsette til ei kvar tid er merksame på det som går på kontantoverføringar og andre mistenksame transaksjonar.

Dei fleste rekneskapsførarselskap viser ikkje at det er forskjell i utføringa av kundetiltak når kundane er fysiske eller juridiske personar. Det blir i begge tilfelle henta inn opplysingar om identiteten til fysiske personar, som namn, fødselsnummer/D-nummer og adresse, og opplysingane blir bekrefta med gyldig legitimasjon, i samsvar med kvitvaskingslova (2018) §§ 12 og 13 første ledd. Når kunden er juridisk person, skal ein i tillegg hente inn opplysingar om føretaksnamn, organisasjonsform, organisasjonsnummer, adresse og namn på dagleg leiar og styremedlemmar. Desse opplysingane skal bekreftast med gyldig legitimasjon, som kan vere firmaattest og liknande utskrift frå offentlege register, jf. kvitvaskingslova (2018) § 13. Bedrift B «bygd» hentar inn informasjon om kven som representerer selskapet og kartlegg eigar, i samsvar med kvitvaskingslova (2018) § 13 første ledd som seier at ein skal gjennomføre eigna tiltak for å forstå eigarskaps- og kontrollstrukturen i kunden. Informanten i bedrift D «by» er einaste som nemner at dei hentar inn firmaattest som bekreftar opplysingane om identiteten til kundar som er juridiske personar, i tråd med kvitvaskingslova (2018) § 13 andre ledd. Det er likevel mogleg at fleire av rekneskapsførarselskapa gjer det same, sjølv om dei ikkje har opplyst om det til oss. Regnskap Norge har fått ein del spørsmål rundt dette frå sine medlemmar, i forhold til kven ein må hente inn opplysingar om og bekrefte identiteten til i ulike typar verksemder (Informant i Regnskap Norge). Det ser ut til at rekneskapsførarselskapa har fått med seg at ein skal hente inn og bekrefte opplysingar om fysiske personar sin identitet, og at denne delen av kvitvaskingsregelverket er tydeleg. Kvitvaskingslova (2018) § 13 verkar også klar på kva opplysingar som skal hentast inn og bekreftast når kunden er juridisk person, men her er det berre éi bedrift som nemner at det blir henta inn firmaattest. Det kan tyde på at det er usikkerheit rundt kva opplysingar ein skal innhente og bekrefte i ulike verksemder, som informanten i Regnskap Norge er inne på.

5.1.1 Forenkla og forsterka kundetiltak

Ingen av rekneskapsførarselskapa vi har intervjuja, har kundar som er risikovurdert til høg risiko for kvitvasking, berre kundar som er vurdert til å ha låg eller medium risiko. Det går att hjå bedriftene at låg risiko inneberer at ein kjenner kunden, og at kunden driv i ein bransje og i eit område som ein kjenner. Informant i bedrift D «by» nemner at låg risiko for kvitvasking også inneberer at kunden har ein oversiktleg økonomi, og at ein kjenner leverandørane og kundane til kunden. Sjølv om ingen av bedriftene har kundar som dei har vurdert til høg risiko, så meiner dei at høg risiko inneberer transaksjonar med utlandet, og at kunden driv innafor ein bransje eller eit område som er meir utsett for kvitvasking. Desse risikomomenta liknar risikofaktorar

som er lista opp i kvitvaskingsforskrifta (2018) § 4-9. Dersom bedriftene hadde hatt kundar med høg risiko og måtte gjennomføre forsterka kundetiltak, ville både bedrift C «bygd» og A «by» kontakta offentlege myndigheiter, som Økokrim, for råd og hjelp. Bedrift B «bygd» ville ha oppdatert risikovurderinga av kundane sine oftare enn éin gong i året, og ved oppstart av kundeforholdet ville dei ha kontakta tredjepersonar, som til dømes bankar, for å få meir informasjon. Informantane i bedriftene A og D meiner at skulerte tilsette og gode interne rutinar er tiltak som kan avdekke og hindre kvitvasking. Finanstilsynet si siste risikovurdering av kvitvasking og terrorfinansiering, seier også at risikoen for at rekneskapsførar blir nytta til kvitvasking, ror på rekneskapsførar sin profesjonalitet og kompetanse. Det inneberer mellom anna at rekneskapsførarar utarbeidar og etterlev gode rutinar og retningslinjer, og utfører oppdrag i samsvar med kvitvaskingslovgivinga (Finanstilsynet, 2019, s. 17). Informant i bedrift D er klar på at dei kuttar ut kundar som kan ha høg risiko for kvitvasking, likevel meiner vi at det er litt underleg om ingen av rekneskapsførarselskapa har nokon kundar med høgare risikoklassifisering.

5.1.2 Løpande oppfølging av kundeforhold

Bedriftene A «by» og B «bygd» gjennomfører årleg ein intern kontroll på alle kundane sine, og to gonger i året for nokre av kundane til bedrift A, i samsvar med GRFS punkt 7.1 og kvitvaskingslova (2018) § 24 andre ledd. Bedriftene A, B og D «by» går igjennom risikovurderingane for alle kundane minst éin gong i året som ledd i løpande oppfølging av kundeforholda. Det blir ikkje nemnd noko om årlege gjennomgangar av rutinar eller risikovurderingar for bedrift C «bygd», men i likeins med dei andre selskapa, blir det gjort løpande vurderingar gjennom året, der dei føl med på mistenksame transaksjonar, i samsvar med kvitvaskingslova (2018) § 24 første ledd. I undersøkinga vår viser det seg at 50 % av rekneskapsførarselskapa gjennomfører ein overordna intern kontroll minst éin gong i året, medan Finanstilsynet sitt tematisyn i 2017 viste at 67 % ikkje gjennomførte slik kontroll i samsvar med krava, som nemnd i delkapittel 4.1.4. Det kan tyde på at rekneskapsførarselskap har ein veg å gå både når det gjeld kundetiltak og løpande oppfølging av kundeforhold, og overordna intern kontroll på oppdragsnivå. På den andre sida, så gjennomfører dei ulike rekneskapsførarselskapa vi har intervjuja mykje av dei same kundetiltaka, og det ser ut til at dei tolkar regelverket likt.

5.2 Kven er det som gjennomfører kundetiltak?

Kvitvaskingslova (2018) er ikkje tydeleg på kven som skal gjennomføre kundetiltaka i rekneskapsførarselskap. Gjennomføring av kundetiltak og løpande oppfølging skal utførast på oppdragsnivå, som inneberer at det er oppdragsansvarleg som skal sørge for at dette blir utført. Oppdragsansvarleg er alltid ein autorisert rekneskapsfører, som nemnd i delkapittel 2.2. Sjølv om autorisert rekneskapsfører er ansvarleg for at kundetiltak blir utført, treng den nødvendigvis ikkje å gjennomføre desse sjølv, men den må sjå til at det blir gjort. Det vil i hovudsak vere opp til kvart enkelt rekneskapsførarselskap å avgjere kven som skal gjennomføre kundetiltak. Rekneskapsførarselskap vi har intervjuar har litt ulik praksis. I bedriftene A «by» og D «by» er dei ikkje-autoriserte tilsette i større grad med på å gjennomføre kundetiltak, medan det i bedriftene B «bygd» og C «bygd» hovudsakleg er dagleg leiar, kvitvaskingsansvarleg og eventuelt autoriserte rekneskapsførarar som tek seg av dette. Alle bedriftene løysar dette på slik måte at det er innafor lova sine rammer, då det alltid er ein autorisert rekneskapsfører som signerer oppdragsavtalane og ser til at dei ulike kundetiltaka blir gjennomført. Det er ei einigheit blant alle rekneskapsførarselskapa vi har intervjuar om at alle tilsette i eit selskap, autoriserte og ikkje-autoriserte, skal vere merksame på det som går på mistenksame transaksjonar. Ikkje-autoriserte tilsette tek anten dette vidare til ein autorisert rekneskapsfører, eller dei initierer direkte tiltak sjølve.

5.3 Er det ein forskjell i haldning og utføring av kundetiltak i by og bygd?

Når det gjeld det nye kvitvaskingsregelverket, meiningar om det og rekneskapsførarar si plikt til å gjennomføre kundetiltak, har informantane ulike meiningar. Det er eit tydeleg skilje med bedriftene A «by» og D «by» på ei side, og B «bygd» og C «bygd» på den andre sida. Medan bedriftene A og D verkar meir positive og avslappa i forhold til det nye regelverket, meiner informant i bedrift B at det nye lovverket i praksis inneberer meir arbeid og krav som må utførast for å tilfredsstille lova, og informant i bedrift C meiner det ikkje er av særleg betydning for dei. Bedriftene A og D har i tillegg gått igjennom rundskriv (15/2019) frå Finanstilsynet, noko som B og C ikkje har. Bedriftene A og D meiner at skulerte tilsette og gode rutinar er viktige tiltak for å hindre og avdekke kvitvasking. I Finanstilsynet si siste risikovurdering av kvitvasking og terrorfinansiering, blir det nemnd at manglande vurderingar og merksemd på kvitvaskingslovgivinga, kan føre til at rekneskapsførar bidreg til at underliggende straffbare forhold blir skjult bak tillita som allmenta har til rekneskapsførar (Finanstilsynet, 2019, s.17).

Det er med andre ord viktig at rekneskapsførarar er oppdaterte og merksame på kvitvaskingsregelverket, dersom dei skal kunne etterleve samsfunnsansvaret dei har for å beskytte det økonomiske og finansielle systemet, og samfunnet som heilheit som nemnd i delkapittel 1.1. Sjølv om rettleiinga frå Finanstilsynet er nokså fersk, er det berre halvparten av rekneskapsførarselskapa som har gått igjennom den. Det er mogleg at det kan vere ein samanheng mellom etterlevinga av kvitvaskingsregelverket og kor oppdatert og merksam ein er på området. Som informanten i Regnskap Norge sa, så kan det ha vore uheldig at rettleiinga frå Finanstilsynet kom så seint, og det kan ha påverka etterlevinga av regelverket.

I forhold til sjølve utføringa av kundetiltak, kan vi ikkje seie at det er store skilnader i by og bygd, ut i frå kva rekneskapsførarselskapa har sagt dei gjer i intervjua. Om det kan vere forskjellar i utføring av kundetiltak på grunn av nærleik til kunde, har informantane litt forskjellige meiningar om. Bedrift C «bygd» er einaste som ikkje har tiltak for å hindre at nærleik til kunde kan påverke utføringa av kundetiltak, då dei meiner at nærleik til kunde berre er ein fordel, og at det handlar meir om haldningar hjå rekneskapsførarar. Med riktig haldning, seier rekneskapsføraren i frå direkte til kunden viss den har byrja med noko som ikkje er bra. Det er også den einaste bedrifta som ikkje nemner årleg overordna intern kontroll eller årleg gjennomgang av risikovurderingane på kundane, som ein skal gjere etter kvitvaskingslova (2018) § 24 og GRFS punkt 7.1. Bedrift C er i tillegg det einaste rekneskapsførarselskapet vi har intervjuet som ikkje har ein kvitvaskingsansvarleg, noko som strir imot kvitvaskingslova (2018) § 8 femte ledd som seier at ein skal peike ut ein person i leiinga til å vere kvitvaskingsansvarleg. Informant i bedrift B «bygd» meiner på si side at utføringa av kundetiltak kan bli påverka av at ein kjenner kunden, eller at det er ein nærleik til kunden. Det kan føre til at ein går glipp av informasjon ein burde fått med seg, og dei prøver difor å fordela kundane på kontoret slik at ein ikkje fører rekneskapen for dei ein kjenner best. Ei slik fordeling av kundane blir ikkje nemnd av informant i bedrift C, som truleg heng saman med tidlegare utsegn om at nærleik til kunde er utelukkande positivt.

Kvitvaskingsansvarleg i bedrift A «by» meiner det kan vere ein forskjell i utføring av kundetiltak i by og bygd, då personleg relasjon til kundar kan gjere det vanskeleg å til dømes rapportere kunden til Økokrim. Informanten meiner likevel at den store forskjellen er mellom store og små rekneskapsførarselskap, heller enn større og mindre stader. Som nemnd i delkapittel 1.1, vart det i Finanstilsynet si siste risikovurdering også nemnd at sårbarheita til rekneskapsførarar vil vere avhengig av profesjonaliteten i og storleiken på rekneskapsførarselskapet (Finanstilsynet, 2019, s. 17). Dagleg leiar og kvitvaskingsansvarleg i

bedrift D «by» meiner det både er fordel og risiko med nærleik til kunde på bygda. Ein kan gjerne vere tøffare i ein by, ettersom ein ofte ikkje har dei same relasjonane til kundane der som ein kan ha på mindre stader. Informant i bedrift D meiner den største risikoen ligg på om rekneskapsførarselskapet har svak økonomi, og som har kundar i porteføljen sin som ein er økonomisk avhengig av, og at kunden difor kan få makt til å påverke utføringa av kundetiltak og etterlevinga av kvitvaskingsregelverket. Slike kundar kan ein ha både i by og bygd, så det viktige er at rekneskapsførarane er trygge og torer å stå for ting. Som nemnd i delkapitla 2.4 og 4.3, kan begrensa kundetilgang vere ein sårbarheit viss ikkje alle pliktige kundetiltak blir gjennomført, fordi ein er redd for å miste inntekt (Finanstilsynet, 2020, s. 9). Dei fleste informantane meiner at dersom ein kjenner kunden, eller det er ein nærleik til kunden, så kan utføringa av kundetiltak bli påverka. Informantane som meiner at nærleik til kunde kan ha ein påverknad, har også tiltak som arbeidsdeling og gode rutinar for å hindre det.

6 Oppsummering og konklusjon

Vi vil i dette kapittelet gi ei oppsummering av hovudfunna våre som svarar på forskingsspørsmålet. Det blir delt inn etter forskingsspørsmålet og delspørsmåla, slik som kapitla over.

6.1 Kva for kundetiltak skal rekneskapsførar utføre etter kvitvaskingslova, og kva blir gjort i praksis?

Etter kvitvaskingslova (2018) § 10 første ledd bokstav a skal autoriserte rekneskapsførar og rekneskapsførarselskap gjennomføre kundetiltak ved etablering av kundeforhold. Alle rekneskapsførarselskapa vi har intervjuja, gjennomfører kundetiltak i starten av nye kundeforhold i samsvar med kvitvaskingslova (2018) § 10 første ledd bokstav a og §§ 12 og 13 første ledd. Ut i frå opplysingane vi har fått i intervjuja, er det berre informant i bedrift D «by» som nemner at det blir henta inn firmaattest når kundeforhold med juridiske kundar vert etablert, i samsvar med kvitvaskingslova (2018) § 13 andre ledd.

Kvitvaskingslova (2018) § 10 første ledd bokstav c seier at ein også skal gjennomføre kundetiltak ved mistanke om kvitvasking eller terrorfinansiering. I intervjuja vi har gjennomført, har alle rekneskapsførarselskapa sagt at alle tilsette til ei kvar tid føl med på mistenksame transaksjonar.

Etter kvitvaskingslova (2018) § 24 andre ledd skal rekneskapsførarar jamleg gjennomføre kundetiltak som ledd i løpande oppfølging. Bedriftene A «by», B «bygd» og D «by» har ein kontroll på alle kundane sine og/eller ein gjennomgang av risikovurderingane på kvar kunde, minimum éin gong i året som ledd i løpande oppfølging. Det er i tråd med kvitvaskingslova (2018) § 24 og GRFS punkt 7.1. Dagleg leiar i bedrift C «bygd» nemner ikkje årleg kontroll eller gjennomgang av risikoklassifiseringane, men at dei gjennomfører kundetiltak ved behov og er alltid merksame på mistenksame transaksjonar.

Rekneskapsførar har eit viktig samfunnsansvar som avheng av at dei er oppdaterte og merksame på både kvitvaskingsregelverket og andre aktuelle regelverk. Kvitvaskingsregelverket blir følgd av rekneskapsførarselskapa vi har intervjuet i større eller mindre grad. Etterlevinga er gjerne tilstrekkeleg blant fleire av dei, men ettersom ikkje alle opplyser om tilfredsstillande kundetiltak på juridiske kundar eller har tilstrekkeleg løpande oppfølging, tyder det på at det er moglegheiter for betring hjå rekneskapsførarselskapa. Eit rekneskapsførarselskap manglar også kvitvaskingsansvarleg, som er eit klart teikn på at kvitvaskingslova (2018) ikkje blir godt nok følgd. Vi undrar også over at ingen av rekneskapsførarselskapa har kundar i ein høgare risikoklasse. Til slutt stiller vi oss kritiske til at det tok over eitt år før Finanstilsynet kom med ei rettleiing om korleis rekneskapsførar og rekneskapsførarselskap skal etterleve kvitvaskingsregelverket. Det er mogleg at det kan ha påverka etterlevinga i mellomtida. Vi meiner rekneskapsførarbransjen har ein jobb å gjere for å få etterlevinga nærare 100 %.

6.2 Kva for rekneskapsførarar gjennomfører kundetiltak?

Kvitvaskingslova (2018) er ikkje klar på kven som skal gjennomføre kundetiltak, og difor ville vi undersøke kven som faktisk utfører desse tiltaka. Det er ei einigheit blant alle rekneskapsførarselskapa vi har intervjuet om at alle tilsette i eit selskap skal vere merksame på mistenksame transaksjonar. Kva som skjer vidare, er derimot noko ulikt. I bedrift A «by» er det slik at ikkje-autoriserte rekneskapsførarar kan direkte initiere kundetiltak, dersom dei kjem over noko. I bedriftene B «bygd» og C «bygd» er praksisen slik at dei tilsette tek dette vidare til dagleg leiar. Når det gjeld kundetiltak ved etablering av kundeforhold, er det dagleg leiar som gjennomfører det i bedriftene B og C, kanskje saman med andre autoriserte rekneskapsførarar. I bedrift D «by» kan det vere ein ikkje-autorisert tilsett, altså ein kundekonsulent, som gjennomfører kundetiltak ved oppstart av ordinære kundeforhold, etter

klare retningslinjer frå dagleg leiar. Det er likevel dagleg leiar som signerer på oppdragsavtalar og fullmakter. Vi ser difor ein forskjell i kven som utfører kundetiltak i by og bygd, sjølv om det er i samsvar med regelverket.

6.3 Er det ein forskjell i haldning og utføring av kundetiltak i by og bygd?

Som det går fram av delkapittel 2.4, står det i Finanstilsynet sitt rundskriv (15/2019) at ein nærleik eller avhengigheit til kundar kan auke sårbarheita for at rekneskapsførar ikkje gjennomfører alle pliktige kundetiltak. Ein type nærleik kan vere at rekneskapsførarselskapet blir driven på ein på ein mindre stad, der ein kjenner kunden i privat samanheng eller som følgje av forretningssamarbeid. Vi ville difor undersøke om det er forskjellar i haldning og utføring av kundetiltak i by og bygd, i forhold til nærleik til kunde.

Informantane har ulike meiningar om det nye kvitvaskingsregelverket og rekneskapsførarar si plikt til å gjennomføre kundetiltak. Medan bedriftene A «by» og D «by» verkar meir opne for og positive til det nye regelverket, meiner informant i bedrift B «bygd» det fører til meir arbeid og krav som må utførast for å tilfredsstille lova, og informant i bedrift C «bygd» meiner det ikkje er av betydning for dei. Her oppdaga vi gjerne den største skilnaden mellom by og bygd, altså i haldningane og meiningane rundt det nye kvitvaskingsregleverket. Det blir til ei viss grad spegla i utføringa av kundetiltak og etterlevinga av kvitvaskingsregelverket.

I forhold til sjølve utføringa av kundetiltak, er det ikkje så store skilnader i by og bygd, ut i frå kva rekneskapsførarselskapa sjølv seier at dei gjer. Dei største skilnadane ligg som sagt gjerne i haldningar og meiningar om kvitvaskingsregelverket, og arbeidsfordelinga når det gjeld kven som utfører kundetiltaka. Dei fleste informantane er einige om at nærleik til kunde kan påverke utføringa av kundetiltak, og det kan vere ein forskjell på by og bygd på det området. Informant i bedrift C «bygd» er den einaste som meiner nærleik til kunde berre er ein fordel. Informanten meiner likevel at omfanget av kundetiltak kan likevel variere ut i frå om kunden er ein stor, internasjonal kunde, eller om det er søskenbarnet ditt som driv eit mindre snikkarfirma. Informant i bedrift A «by» trur den store forskjellen i utføring av kundetiltak og etterleving av kvitvaskingsregelverket er mellom store og små rekneskapsførarselskap, heller enn på større og mindre stader. Informant i bedrift D «by» meiner den største risikoen ligg på om ein har begrensa kundetilgang og det er kundar i porteføljen som ein er avhengig av økonomisk, slik at dei kan få makt til å påverke utføringa av kundetiltak og etterlevinga av kvitvaskingsregelverket.

6.4 Til vidare forskning

Når vi starta denne undersøkinga, trudde vi at vi skulle finne fleire skilnader på større og mindre stader i forhold til kva som blir utført av kundetiltak. Dersom vi hadde hatt meir tid og ressursar, ville vi gjerne ha sett meir på det som vart sagt i intervjuet om andre faktorar som kan påverke rekneskapsførarar si utføring av kundetiltak og etterleving av kvitvaskingsregelverket. Kva påverknad har rekneskapsførar si haldning på etterleving av kvitvaskingsregelverket? Kva betydning har storleiken på rekneskapsførarselskapet, og om ein er tilknytt eit større selskap, i forhold til etterleving av kvitvaskingsregelverket? Kan kundar få for stor økonomisk makt over rekneskapsførarselskapa, og kva innverknad kan det få på rekneskapsførarar si etterleving av lovverk? Vi ville gjerne ha gått meir i djupna i forhold til etterlevinga av det nye kvitvaskingsregelverket. Det hadde også vore interessant å undersøke om manglande etterleving av kvitvaskingsregelverket kan indikere manglande etterleving av andre regelverk, som for eksempel rekneskapsførarregelverket.

7 Litteraturliste

7.1 Litteratur inkludert lovforarbeid

- Brottveit, G. (2018) *Vitenskapsteori og kvalitativ forskningsmetode: om å arbeide forskningsrelatert*. Oslo: Gyldendal akademisk
- Churchill, G. (19xx) *Marketing research: methodological foundations* (5.utg) 1991: The Dryden Press
- De nasjonale forskningsetiske komiteene. (2010, 15.januar) *Utvalgsstrategi*. Henta 3.mars frå <https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Medisin-og-helse/Kvalitativ-forskning/3-Utvalgsstrategi/>
- European Union (EU). (2015, 20. mai). *DIRECTIVE (EU) 2015/849 OF THE EUROPEAN PARLIAMENT AND OF THE COUNCIL of 20 May 2015 on the prevention of the use of the financial system for the purposes of money laundering or terrorist financing, amending Regulation (EU) No 648/2012 of the European Parliament and of the Council, and repealing Directive 2005/60/EC of the European Parliament and of the Council and Commission Directive 2006/70/EC*. (Det fjerde kvitvaskingsdirektivet). Henta 22.januar frå <https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/PDF/?uri=CELEX:32015L0849&from=EN>
- FATF. (2019, juni). *International standards on combating money laundering and the financing of terrorism & proliferation*. Henta 23. januar frå <http://www.fatf-gafi.org/media/fatf/documents/recommendations/pdfs/FATF%20Recommendations%202012.pdf>
- Falkanger, T & Gisle, J. (2019, 7. november). *Rettskilder*. Henta 22. januar frå <https://snl.no/rettskilder>
- Finansdepartementet. (2008). *Om lov om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering mv.* (Ot.prp.nr.3 (2008-2009)). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/e2d117bf076541b795e60868059f3589/no/pdfs/otp200820090003000dddpdfs.pdf>
- Finansdepartementet. (2017). *Lov om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering (hvitvaskingsloven)*. (Prop. 40 L 2017–2018). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/143572d0eae3427394c242605cfb578e/no/pdfs/prp201720180040000dddpdfs.pdf>
- Finans Norge (2017, 07.06). *Ofte stilte spørsmål – hvitvaskingsregelverket*. Henta 22.april frå

<https://www.finansnorge.no/siteassets/tema/okonomisk-kriminalitet-og-hvitvasking/ofte-stilte-sporsmal-om-hvitvasking---oppdatert-27.06.2017.pdf>

Finanstilsynet. (2020). *Veiledning om regnskapsføreres og regnskapsførerselskapers etterlevelse av hvitvaskingsregelverket*. (Rundskriv 15/2019). Henta 23. januar frå <https://www.finanstilsynet.no/contentassets/e462136cc9704d8180e049706ffef538/veiledning-om-regnskapsforeres-og-regnskapsforerselskapers-etterlevelse-av-hvitvaskingsregelverket.pdf>

Finanstilsynet. (2019). *Risikovurdering – hvitvasking og terrorfinansiering*. Henta 11. februar frå <https://www.finanstilsynet.no/contentassets/07ce44e811ac4f6ba0f75812b849cc50/risikovurdering---hvitvasking-og-terrorfinansiering---juli-2019.pdf>

Finanstilsynet. (2018). *Regnskapsføreres oppdragsansvar – tematilsyn 2017* (18/5613 m.fl.). Henta 6. mai frå <https://www.revisorforeningen.no/globalassets/fag/regnskapsforing/regnskapsforeres-oppdragansvar---tematilsyn-2017.pdf>

Finanstilsynet. (2016a, 26. mai). Om Finanstilsynet. Henta 11. februar frå <https://www.finanstilsynet.no/om-finanstilsynet/>

Finanstilsynet. (2016b, 30. august). Hvitvasking og terrorfinansiering. Henta 26. april frå <https://www.finanstilsynet.no/tema/hvitvasking-og-terrorfinansiering/>

Finanstilsynet, Økokrim. (u.å.a.). Hvorfor bekjempe hvitvasking. Henta 14. januar frå <https://www.hvitvasking.no/om-hvitvasking/hvorfor-bekjempe-hvitvasking/>

Finanstilsynet, Økokrim (u.å.b). De første initiativene. Henta 9. mars frå <https://www.hvitvasking.no/internasjonalt/de-forste-initiativene/>

Finanstilsynet, Økokrim (u.å.c.) FATF. Henta 23. januar frå <https://www.hvitvasking.no/internasjonalt/fatf/>

Finanstilsynet, Økokrim (u.å.d.). EU. Henta 28. januar frå <https://www.hvitvasking.no/internasjonalt/eu/>

GRFS. (2017, juni u.d.). *God regnskapsføringsskikk (GRFS)*. Henta 22. januar frå <https://www.regnskapnorge.no/contentassets/7d4de2f522c7435d9dba5a6117f62def/god-regnskapsforingsskikk-grfs--juni-2017.pdf>

Gripsrud, G., Olsson, U, H. & Silkoset, R. (2017). *Metode og dataanalyse*. (3.utg.) Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Høylye, K., Kristensen, R., & Opsahl, H. (2015). *God regnskapsførings-skikk: Med kommentarer til lov og standarder* (3. utg. ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.

Jacobsen, D. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?: Innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (3. utg.). Oslo: Cappelen Damm akademisk.

Knudsen, O. F., Julsrud, O., Tvedt, K. A. & Trondal, J. (2019, 26. desember). *EU - Den europeiske union*. Henta 18. februar 2020 frå: https://snl.no/EU_-_Den_europeiske_union

Kristoffersen, T. (2014). *Virksomhetsstyring og regnskapsorganisering: Lærebok*. Bergen: Fagbokforlaget.

Matningsdal, M (2019, 1.juli). Kommentar til straffelova. Henta i Norsk lovkommentar 22. januar frå

<https://min.rechtsdata.no/Dokument/gL20050520z2D28z2EzA7332?noteid=gN20050520z2D28z2E2154>

Monsen, E. (2012). *Innføring i juridisk metode og oppgaveteknikk*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.

NOU 2016:27. (2016). *Ny lovgivning om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering II*.

Henta frå

<https://www.regjeringen.no/contentassets/135de8ebfaad4579b0bcbbc14e3748bd/no/pdfs/nou201620160027000dddpdfs.pdf>

Opsahl, H. (2020, 10.februar). Kommentar til rekneskapsførerlova. Henta i Norsk lovkommentar 6. mai frå

<https://min.rechtsdata.no/Dokument/gL19930618z2D109z2EzA76?noteid=gN19930618z2D109z2E32>

Regnskap Norge. (2019, 30.desember). Nye hvitvaskingsrundskriv er publisert – 60 foretak får kontroll i januar. Henta 15. januar frå

<https://www.regnskapnorge.no/faget/artikler/hvitvasking/hvitvasking---omsider-har-finanstilsynet-publisert-nytt-rundskriv/>

Regnskap Norge. (u.å.). Hva Regnskap Norge er og gjør. Henta 11. mai frå

<https://www.regnskapnorge.no/om-oss/hva-er-regnskap-norge-og-hva-gjor-vi/>

Rørholt, F, K. (2018, 9.oktober). Kommentar til kvitvaskingslova. Henta i Norsk lovkommentar 23. januar frå

<https://min.rechtsdata.no/Dokument/gL20180601z2D23z2EzA79?noteid=gN20180601z2D23z2E48,gN20180601z2D23z2E46>

Utanriksdepartementet. (2018). *Samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 249/2018 av 5. desember 2018 om innlemmelse i EØS-avtalen av direktiv (EU) 2015/849 om tiltak for å hindre at finanssystemet brukes til hvitvasking av penger eller finansiering av terrorisme mv. (fjerde hvitvaskingsdirektiv) og forordning (EU) 2016/1675 om identifisering av tredjestater med høy risiko og strategiske mangler.* (Prop. 85 S 2018-2019). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/0db594b14da74109beca5b0f58c098fb/no/pdfs/prp201820190085000dddpdfs.pdf>

Økokrim. (2019, 4. mars). Hvitvasking. Henta 15. januar frå https://www.okokrim.no/hvitvasking_422268.no.html

7.2 Lover og forskrifter

Hvitvaskingsloven. (2009). Lov om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering mv. (LOV-2009-03-06-11). Oppheva. Henta frå <https://lovdata.no/pro/lov/2009-03-06-11>

Hvitvaskingsloven. (2018). Lov om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering (LOV-2018-06-01-23). Henta frå <https://lovdata.no/lov/2018-06-01-23>

Hvitvaskingsforskriften. (2018). Forskrift om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering (FOR-2018-09-14-1324). Henta frå <https://lovdata.no/forskrift/2018-09-14-1324>

Regnskapsførerloven. (1993). Lov om autorisasjon av regnskapsførere. (LOV-1993-06-18-109). Henta frå <https://lovdata.no/lov/1993-06-18-109>

Straffeloven. (2005). Lov om straff (LOV-2005-05-20-28). Henta frå <https://lovdata.no/lov/2005-05-20-28>

8 Vedlegg

8.1 Vedlegg 1 Intervjuguide

Introduksjon

- Presentere deltakarane i intervjuet, kven er vi?

- Vi har valt å gjennomføre djupneintervju, fordi vi vil å få ei forståing av korleis du oppfattar plikta som rekneskapsførarar har til å gjennomføre kundetiltak. Vi ønskjer å sjå på korleis dette skal gjerast etter lova, og kva som blir gjort i praksis. Det er difor ønskjeleg at du også kjem med praktiske eksempel i intervjuet.
- Varigheita på intervjuet er estimert til ca. 60 min.
- Vi vil be om løyve til å ta lydopptak av intervjuet.
- Litt informasjon om oppgåva og problemstillinga:
 - o Vi har valt kvitvaskingslova (2018) som tema for bacheloroppgåva, då vi tykkjer det er både er interessant og relevant for oss.
 - o I oppgåva vår vil vi berre ta utgangspunkt i kvitvasking, og går ikkje nærare inn på terrorfinansiering. Vi går også berre inn på rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap sine plikter etter kvitvaskingslova, ikkje pliktene til andre rapporteringspliktige.
 - o Forskingsspørsmålet vårt er følgjande: *Kva for kundetiltak skal rekneskapsførarar utføre etter kvitvaskingslova, og kva blir gjort i praksis?* Vidare har vi to delspørsmål: 1) Kva slags rekneskapsførarar skal utføre kundetiltak etter kvitvaskingslova (2018) ? 2) Er det ein opplevd forskjell i utføring av kundetiltak frå by til bygd ?

Informanten

- Kva er di rolle i bedrifta/organisasjonen?

Den nye kvitvaskingslova og rundskrivet frå Finanstilsynet

Gjeldande kvitvaskingslov blei sett i kraft 15.oktober 2018, og Finanstilsynet publiserte 23. desember 2019 ei rettleiing om rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap si etterleving av kvitvaskingsregelverket.

- Kva meiner du om det nye kvitvaskingsregelverket når det gjeld rekneskapsførarar si plikt til å gjennomføre kundetiltak?
- Har du snakka om det nye regelverket med andre rekneskapsførarar, og kva dei meiner om det?
- Har du gått igjennom Finanstilsynet si rettleiing om rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap si etterleving av kvitvaskingsregelverket?

- Korleis vurderer du verknaden av den nye kvitvaskingslova som kom i 2018?

Kvitvaskingslova § 10 Plikt til å gjennomføre kundetiltak

Etter § 9 skal rapporteringspliktige gjennomføre kundetiltak etter §§ 10 til 20 og løpande oppfølging etter § 24 på grunnlag av en vurdering av risiko for kvitvasking og terrorfinansiering.

- Har du eksempel på kundetiltak som de gjennomfører?
- Når blir kundetiltaka gjennomført? Har du praktiske eksempel på situasjonar?
- Kva for kundetiltak gjennomfører de som ledd i løpande oppfølging?
- I kvitvaskingslova § 24 andre ledd står det at ein jamleg skal gjennomføre kundetiltak som ledd i løpande oppfølging. Kor ofte gjennomfører de slike kundetiltak?

Kvitvaskingslova §§ 12 og 13 Kundetiltak når kunden er ein fysisk person og juridisk person

Kvitvaskingslova § 12 seier noko om kva kundetiltak ein skal gjennomføre når kunden er ein fysisk person. Ein skal også avgjere om det finns ein reell rettshavar i tillegg til kunden. § 13 seier noko om kva kundetiltak ein skal gjere når kunden ikkje er ein fysisk person, altså ein juridisk person.

- Har du eksempel på når kundar hjå rekneskapsførarselskap er fysiske personar?
- Har du eksempel på når kundar hjå rekneskapsførarselskap er juridiske personar?
- Kva kundetiltak gjennomfører de når kunden er ein fysisk person?
- Kva kundetiltak gjennomfører de når kunden er ein juridisk person?
- Har du eksempel på kven ein reell rettshavar kan vere?

Kvitvaskingslova § 4 Kven lova gjeld for, rekneskapsførarar

Etter kvitvaskingslova § 4 andre ledd bokstav b er autoriserte rekneskapsførarar og autoriserte rekneskapsførarselskap rapporteringspliktige og omfatta av lova.

- Er rekneskapsførarar utan autorisasjon omfatta av lova når dei er tilsett i eit autorisert rekneskapsførarselskap?
- Kven utfører kundetiltak hjå dykk? (Oppdragsansvarleg, dagleg leiar, andre mv.)

- I kvitvaskingslova (2018) § 4 (2) b om autoriserte rekneskapsførarar og autoriserte rekneskapsførarselskap, står det at *“Tilbyr personer eller foretak som nevnt i første punktum virksomhetstjenester, er de uansett underlagt loven på dette grunnlaget.”*
 - o Har du eksempel på når rekneskapsfører tilbyr “virksomhetstjenester”?

Kvitvaskingslova §§ 16 og 17 Forenkla og forsterka kundetiltak

Etter kvitvaskingslova § 16 kan rapporteringspliktige gjennomføra forenkla kundetiltak dersom det er låg risiko for kvitvasking eller terrorfinansiering. § 17 seier at ein skal gjennomføra forsterka kundetiltak dersom det er høg risiko for kvitvasking eller terrorfinansiering.

- Kva meiner du låg risiko for kvitvasking inneberer?
- Kva for kundetiltak kan ein utføre dersom ein kan gjennomføre forenkla kundetiltak?
- Har du praktiske eksempel på situasjonar der ein kan gjennomføre forenkla kundetiltak?
- Kva meiner du høg risiko for kvitvasking inneberer?
- Kva for kundetiltak kan ein utføre dersom ein må gjennomføre forsterka kundetiltak?
- Har du praktiske eksempel på situasjonar der ein må gjennomføra forsterka kundetiltak?

Nærleik til kunden, forskjell frå by til bygd?

I følgje Finanstilsynet sitt rundskriv frå desember 2019 punkt 3.2.2 er nærleik til kunden noko som kan auke risikoen for at rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap blir brukt som ledd i kvitvasking. Vidare står det at nærleik eller avhengigheit til kunde kan auke sårbarheita for at rekneskapsfører ikkje gjennomfører alle pliktige kundetiltak. Ein slik nærleik er typisk at selskapet blir driven på ein mindre stad der ein kjenner kunden, eller personar som handlar på vegner av kunden, anten privat eller i forretningsamarbeid. Ein mindre kundeportefølje eller store kundar som står for store delar av omsetjinga kan også vere ein slik sårbarheit.

- Kva tankar har du rundt dette temaet?
- Har du ei formeining om det kan vere ein forskjell i omfang av kundetiltak hjå rekneskapsførarselskap i by og bygd, når ein tenkjer på bygda som ein liten stad der “alle kjenner alle”?
- Kva tiltak har de for å hindre dette?
- Har du snakka med andre rekneskapsførarar om temaet?

- Har du praktiske eksempel som støtter opp om eller motviser at nærleik til kunde kan påverke utføring av kundetiltak?

Avslutning

- Har du ein sluttkommentar? Er det noko meir du vil fortelje om det vi har vore inne på?
- Har du forslag til aktuell litteratur eller artiklar om det vi har snakka om?
- Er det noko du lurar på?

Vi set stor pris på om vi kan ta kontakt med deg i etterkant av intervjuet for eventuelt utdjuping av svara.

Vi vil transkribere intervjuet og sende det til dykk for gjennomgang når det er klart.

Takk for at vi fekk intervju deg!

Aktuelle avgjerder i kvitvaskingslova

- Kvitvaskingslova § 10 Plikt til å gjennomføre kundetiltak
 - (1) Rapporteringspliktige skal gjennomføre kundetiltak ved
 - a) etablering av kundeforhold
 - b) transaksjoner for kunder som rapporteringspliktig ikke har et etablert kundeforhold til, som gjelder minst
 1. 100 000 kroner
 2. 8 000 kroner, når transaksjonen utgjør en pengeoverføring som nærmere definert av departementet i forskrift
 3. 16 000 kroner, for rapporteringspliktige som nevnt i § 4 annet ledd bokstav g
 - c) mistanke om hvitvasking eller terrorfinansiering
 - (2) Beløpsgrensene i første ledd bokstav b nr. 1 og 3 beregnes samlet for transaksjoner som gjennomføres i flere operasjoner, som ser ut til å ha sammenheng. Dersom beløpet ikke er kjent når transaksjonen gjennomføres, skal kundetiltak foretas så snart den rapporteringspliktige blir kjent med at beløpsgrensen er oversteget.

(3) Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om plikt til å gjennomføre kundetiltak og unntak fra plikt til å gjennomføre kundetiltak ved utstedelse av elektroniske penger.

- Kvitvaskingslova § 12 Kundetiltak når kunden er fysisk person

(1) Når kunden er en fysisk person, skal følgende opplysninger innhentes om kunden:

a) navn

b) fødselsnummer, D-nummer eller, dersom kunden ikke har slikt nummer, annen entydig identitetskode. For personer som ikke har norsk fødselsnummer eller D-nummer, skal det innhentes fødselsdato, fødested, kjønn og statsborgerskap, herunder om personen har flere statsborgerskap

c) adresse

De samme opplysningene skal innhentes om den som handler på vegne av kunden, i tillegg til opplysninger om at vedkommende kan handle på vegne av kunden. De samme opplysningene skal innhentes om den som er gitt disposisjonsrett over en konto eller et depot.

(2) Opplysninger om kundens identitet bekreftes ved personlig fremmøte ved gyldig legitimasjon. Dersom bekreftelse av identiteten skal skje uten personlig fremmøte, skal det fremlegges ytterligere dokumentasjon eller gjennomføres ytterligere tiltak.

Opplysninger om identiteten til personer som handler på vegne av kunden eller er gitt disposisjonsrett over en konto eller et depot, bekreftes ved gyldig legitimasjon. Retten til å handle på vegne av kunden bekreftes ved skriftlig dokumentasjon.

(3) Det skal avgjøres om det finnes en reell rettighetshaver i tillegg til kunden.

Dersom det er en reell rettighetshaver, skal det innhentes opplysninger som er tilstrekkelige til å vite hvem vedkommende er. Opplysninger om reell rettighetshavers identitet skal bekreftes ved egnede tiltak.

(4) Rapporteringspliktige skal ha systemer for å avgjøre om kunden, personer som kan handle på vegne av kunden eller er gitt disposisjonsrett over en konto eller et depot, eller reell rettighetshaver, er politisk eksponert person eller nært familiemedlem eller kjent medarbeider til en politisk eksponert person. Regler om kundetiltak overfor politisk eksponerte personer er gitt i § 18.

(5) Rapporteringspliktige skal innhente og vurdere nødvendige opplysninger om kundeforholdets formål og tilsiktede art.

(6) Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om bekreftelse av identiteten til fysiske personer, herunder hva som utgjør gyldig legitimasjon, og krav til ytterligere dokumentasjon eller tiltak ved bekreftelse av identitet uten personlig oppmøte.

- Kvitvaskingslova § 13 Kundetiltak når kunden ikke er en fysisk person

(1) Når kunden er en juridisk person, skal følgende opplysninger innhentes om kunden:

- a) foretaksnavn
- b) organisasjonsform
- c) organisasjonsnummer
- d) adresse
- e) navnet på daglig leder og styremedlemmer, eller personer i tilsvarende stilling

Opplysninger om fysiske personer som handler på vegne av en juridisk person, inkludert personer som har disposisjonsrett over en konto eller et depot, skal innhentes i samsvar med § 12 første ledd. Det skal gjennomføres egnede tiltak for å forstå eierskaps- og kontrollstrukturen i kunden. Tiltakene skal dokumenteres. Tilsvarende opplysninger skal innhentes og egnede tiltak gjennomføres så langt det passer når kunden er en stiftelse, et juridisk arrangement eller en annen sammenslutning.

(2) Opplysninger som nevnt i første ledd bokstav a til e, skal bekreftes ved oppslag mot eller utskrift fra et offentlig register eller firmaattest, som ikke er eldre enn tre måneder. Opplysninger om fysiske personer som handler på vegne av en juridisk person, skal bekreftes i samsvar med § 12 annet ledd. Retten til å handle på vegne av den juridiske personen skal også bekreftes i samsvar med § 12 annet ledd.

(3) Det skal innhentes opplysninger om reelle rettighetshavere som er identifisert i samsvar med § 14. Opplysningene skal entydig identifisere den eller de reelle rettighetshaverne. Det skal gjennomføres egnede tiltak for å bekrefte reelle rettighetshaveres identitet. Dersom rapporteringspliktige etter å ha gjennomført alle rimelige tiltak enten mener det ikke finnes en reell rettighetshaver, eller mener det er tvil om at den eller de personene som er identifisert, er reelle rettighetshavere, kan opplysninger om styret og daglig leder eller tilsvarende innhentes, forutsatt at det ikke er mistanke om hvitvasking eller terrorfinansiering. Det skal dokumenteres hva som er gjort for å identifisere reelle rettighetshavere.

(4) Rapporteringspliktige skal ha systemer for å avgjøre om personer som kan handle på vegne av kunden eller er gitt disposisjonsrett over en konto eller et depot, eller reell rettighetshaver er politisk eksponert person eller nært familiemedlem eller kjent medarbeider til en politisk eksponert person. Regler om kundetiltak overfor politisk eksponerte personer er gitt i § 18.

(5) Rapporteringspliktige skal innhente og vurdere nødvendige opplysninger om kundeforholdets formål og tilsiktede art.

(6) Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om innhenting og bekreftelse av opplysninger etter denne bestemmelsen.

- Kvitvaskingslova § 4 andre ledd bokstav b

(2) Loven gjelder også for følgende juridiske og fysiske personer i utøvelsen av deres yrke:

b), autoriserte regnskapsførere og autoriserte regnskapsførerselskaper. Tilbyr personer eller foretak som nevnt i første punktum virksomhetstjenester, er de uansett underlagt loven på dette grunnlaget.

- Kvitvaskingslova § 16 Forenkla kundetiltak

1) Dersom det er lav risiko for hvitvasking eller terrorfinansiering, kan rapporteringspliktige gjennomføre forenklete kundetiltak. Forenklete kundetiltak kan ikke gjennomføres når rapporteringspliktige har mistanke om hvitvasking eller terrorfinansiering.

(2) Ved forenklete kundetiltak kan krav til bekreftelse av reelle rettighetshaveres identitet og retten til å handle på vegne av kunden etter §§ 12 og 13 lempes. Det samme gjelder kravet til å innhente og vurdere nødvendige opplysninger om kundeforholdets formål og tilsiktede art etter §§ 12 og 13 femte ledd.

(3) Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om forenklete kundetiltak.

- Kvitvaskingslova § 17 Forsterka kundetiltak

(1) Dersom det er høy risiko for hvitvasking eller terrorfinansiering, skal rapporteringspliktige gjennomføre forsterkede kundetiltak.

(2) Ved forsterkede kundetiltak etter første ledd skal rapporteringspliktige, i tillegg til å oppfylle kravene til å innhente og bekrefte opplysninger etter §§ 12, 13, 14 og 15,

iverksette ytterligere nødvendige tiltak for å sikre kjennskap om kunden, reelle rettighetshavere og kundeforholdets formål og tilsiktede art.

(3) Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om forsterkede kundetiltak.

- Kvitvaskingslova § 24 Løpende oppfølging av kundeforhold

(1) Rapporteringspliktige skal løpende følge opp kundeforhold. Oppfølgingen skal blant annet omfatte å overvåke at transaksjoner som utføres i kundeforholdet, er i samsvar med den rapporteringspliktiges innhentede opplysninger om kunden, kundens virksomhet og risikoprofil, midlenes opprinnelse og kundeforholdets formål og tilsiktede art.

(2) Rapporteringspliktige skal jevnlig gjennomføre kundetiltak som ledd i løpende oppfølging. Kundetiltak skal uansett gjennomføres når det er tvil om tidligere innhentede opplysninger er korrekte eller tilstrekkelige.

(3) Dersom kunden eller reelle rettighetshavere er en politisk eksponert person eller nært familiemedlem eller kjent medarbeider til en politisk eksponert person, skal det gjennomføres forsterket løpende oppfølging av kundeforholdet.

(4) Dersom kundetiltak som ledd i løpende oppfølging ikke kan gjennomføres, skal rapporteringspliktige avvikle kundeforholdet. Rapporteringspliktige skal vurdere om det er grunnlag for nærmere undersøkelser og rapportering i samsvar med §§ 25 og 26. Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om fremgangsmåten ved avvikling av kundeforhold.

(5) Fjerde ledd gjelder ikke når en advokat eller annen som ervervsmessig eller stadig yter selvstendig rettshjelp, fastslår en klients rettsstilling eller bistår en klient i forbindelse med rettergang.

8.2 Vedlegg 2 Informasjonsskriv

Vil du delta i forskingsprosjektet

“Rekneskapsførerar sine kundetiltak etter kvitvaskingslova i teori og praksis ” ?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å sjå på rekneskapsførerar sine kundetiltak etter kvitvaskingslova i teori og praksis. I dette skrivet gir vi deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebære for deg.

Føremål

Føremålet med denne bacheloroppgåva er å avklare plikta som rekneskapsførarar har til å gjennomføre kundetiltak etter kvitvaskingslova. Problemstillinga vår er: Kva for kundetiltak skal rekneskapsførarar utføre etter kvitvaskingslova, og kva blir gjort i praksis. Vi vil i tillegg avklare kva for rekneskapsførarar som skal utføre tiltaka, og om det er ein forskjell i utføring av kundetiltak i by og bygd. For å svare på problemstillinga vår, ønskjer vi å gjennomføre djupneintervju av forskjellige personar som kan seie noko om temaet.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet campus Sogndal er ansvarleg for prosjektet. Det er studentane Trine Husdal og Maria Schønning Vigdal som skal skrive denne bacheloroppgåva. Rettleiar for oppgåva er Jon Arve Hatlevoll.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Vi har gjort ei strategisk utveljing av deltakarar, der vi har vurdert kven som kan gi oss relevant og interessant informasjon om forskingsspørsmålet vårt. Ut i frå forskingsspørsmålet vårt, meiner vi at rekneskapsførarar er nøkkelinformantar til oppgåva. Vi vil intervjuje tilsette i rekneskapsførarbedrifter i både by og bygd, samt ein bransjeorganisasjon. Vi ser føre oss å intervjuje 5-6 informantar.

Kva inneberer det for deg å delta?

Dersom du vil delta i dette prosjektet, inneberer det at du deltek i eit djupneintervju. Vi reknar med at det vil ta deg ca. 60 minuttar. Under intervjuet vil vi ta notat og lydopptak, og svara dine blir registrert elektronisk. Intervjuet vil innehalde spørsmål knytt til kvitvaskingslova, og fokuset vil ligge på rekneskapsførarar si plikt til å utføre kundetiltak.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan å gi noko grunn. Alle opplysningar om deg vil då bli anonymisert. Det vil ikkje ha noko negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

Ditt personvern – korleis vi tek vare på og bruker dine opplysningar

Vi vil berre bruke opplysningane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Det er studentane Trine Husdal og Maria Schønning Vigdal, samt rettleiar som vil ha tilgang til opplysingane frå intervjudeltakarane i arbeidet med denne bacheloroppgåva. Når oppgåva blir levert til sensur, får også sensorar tilgang til desse opplysingane.

Personopplysingane dine vil bli tatt vare på slik at ingen uvedkommande får tilgang til desse. Vi har ønskje om å vise til namnet på bedrifta/organisasjon i bacheloroppgåva når vi viser til informasjon som du har gitt oss. Dette vil vi sjølvsagt berre gjere dersom du gir oss samtykke til det.

Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Bacheloroppgåva skal leverast til sensur 14. mai 2020, og prosjektet vil etter planen bli avslutta juni/juli 2020. Personopplysingar og lydopptak vil bli sletta etter at endeleg sensur på bacheloroppgåva føreligg, uavhengig av om du gir samtykke til publikasjon. Dersom du ikkje gir samtykke til publikasjon, vil vi anonymisere deg i oppgåva etter sensur.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- Innsyn i kva for personopplysingar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysingar om deg,
- få sletta personopplysingar om deg,
- få utlevert ein kopi av dine personopplysingar (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysingar.

Kva gir oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Vi behandlar opplysingar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kvar kan eg finne ut meir?

Viss du har spørsmål til studia, eller ønskjer å nytte deg av dine rettar, ta kontakt med:

- Høgskulen på Vestlandet ved rettleiar Jon Arve Hatlevoll på e-post (jon.arve.hatlevoll@hvl.no) eller studentane, Trine Husdal tlf. 99 11 89 29, e-post (trine_husdal@hotmail.com), Maria Schønning Vigdal tlf. 90 23 47 21, e-post (mariaschvigdal@gmail.com)
- Vårt personverneombod kan bli kontakta på e-post (personvernombud@hvl.no)
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på e-post (personverntjenester@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.

Med venleg helsing

Trine Husdal og Maria Schønning Vigdal

Jon Arve Hatlevoll

Prosjektansvarleg (rettleiar)

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet “*Rekneskapsførarar sine kundetiltak etter kvitvaskingslova i teori og praksis*”, og har fått moglegheit til å stille spørsmål. Eg gir samtykke til:

- å delta i djupneintervju, der det blir gjort lydopptak
- at namnet på bedrifta/organisasjonen blir brukt i oppgåva, slik at den kan bli kjent att når vi viser til informasjon du har gitt oss
- at namnet på bedrifta/organisasjonen blir brukt ved publikasjon, slik at den kan bli kjent når vi viser til informasjon du har gitt oss – viss aktuelt
-

Eg gir samtykke til at mine opplysingar blir behandla fram til prosjektet er avslutta, i juni/juli 2020 (når endeleg sensur på oppgåva føreligg)

(Signert av prosjektdeltakar, dato)



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgåve rekneskapsførar

BO6-2001 bacheloroppgåve

Predefinert informasjon

Startdato:	05-05-2020 15:00	Termin:	2020 VÅR
Slutt dato:	14-05-2020 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgåve	Studiepoeng:	15
SIS-kode:	203 BO6-2001 1 BO 2020 VÅR		
Intern sensor:	Jon Arve Hatlevoll		

Deltaker

Naun:	Trine Husdal
Kandidatnr.:	2006
HVL-id:	574130@hvl.no

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	22290	Inneholder besvarelsen konfidensielt materiale?:	Nei
Egenerklæring *:	Ja		
Jeg bekrefter at jeg har registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:			

Gruppe

Gruppenaun:	Trine Husdal og Maria Schønning Vigdal
Gruppennummer:	1
Andre medlemmer i gruppen:	Maria Schønning Vigdal

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei